

---

NOTAT 2012-3

---

# Utbyggingsbruk i Hordaland

---

TORBJØRN  
HAUKÅS



**NILF**

Norsk institutt for  
landbruksøkonomisk forskning

# *NILF gjer ut ei rekkje publikasjonar*

---

## **Kjem ut årleg:**

- «Driftsgranskningar i jord- og skogbruk»
- «Handbok for driftsplanlegging»
- «Utsyn over norsk landbruk. Tilstand og utviklingstrekk»
- «Mat og industri. Status og utvikling i norsk matindustri».

## **Resultat frå forskning og utgreiingar vert gjevne ut i tre seriar:**

- «NILF-rapport» – ein serie for publisering av forskingsrapporter og resultat frå større utgreiingar
- «Notat» – ein serie for publisering av arbeidsnotat, delrapportar, føredrag m.m. og sluttrapportar frå mindre prosjekt
- «Discussion paper» – ein serie for publisering av førebelse resultat (berre internettpublisering).

## **NILF gjev også ut:**

- «Kontoplan for landbruksregnskap tilpasset NS 4102»
- Regionale dekningsbidragskalkylar.

## **NILF er sekretariat for Budsjettnemnda for jordbruket som årleg gjev ut:**

- «Totalkalkylen for jordbruket» (Jordbrukets totalregnskap og budsjett)
- «Referansebruksberegninger»
- «Resultatkontroll for gjennomføringen av landbrukspolitikken»
- «Volum- og prisindeksar for jordbruket» som ligg på:  
<http://www.nilf.no/PolitikkOkonomi/Nn/VolumPrisIndeksar.shtml>

---

NOTAT 2012-3

---

# Utbyggingsbruk i Hordaland

Torbjørn Haukås



**NILF**

Norsk institutt for  
landbruksøkonomisk forskning

---

<b>Serie</b>	Notat
<b>Redaktør</b>	Agnar Hegrenes
<b>Tittel</b>	Utbyggingsbruk i Hordaland
<b>Forfatter</b>	Torbjørn Haukås
<b>Prosjekt</b>	Utbyggingsbruk i Hordaland (D862)
<b>Utgiver</b>	Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF)
<b>Utgiversted</b>	Oslo
<b>Utgivelsesår</b>	2012
<b>Antall sider</b>	52
<b>ISBN</b>	978-82-7077-818-8
<b>ISSN</b>	0805-9691
<b>Emneord</b>	samdrift, Hordaland, robotfjøs, økonomi, driftsplan, store mjølkebruk, lønsemnd, utbyggingsbruk

---

## Litt om NILF

- Forsking og utgreiing om landbrukspolitikk, matvaresektor og -marknad, foretaksøkonomi, nærings- og bygdeutvikling.
- Utarbeider nærings- og foretaksøkonomisk dokumentasjon innan landbruket; dette omfattar m.a. sekretariatsarbeidet for Budsjettnemnda for jordbruket og dei årlege driftsgranskingane i jord- og skogbruk.
- Utviklar hjelpemiddel for driftsplanlegging og rekneskapsføring.
- Er finansiert av Landbruks- og matdepartementet, Noregs forskingsråd og gjennom oppdrag for offentleg og privat sektor.
- Hovudkontor i Oslo og distriktskontor i Bergen, Trondheim og Bodø.

# Forord

---

Strukturendringane i mjølkeproduksjonen er i rivande utvikling. Ei av årsakene er at investeringskostnad for å byggje ny driftsbygning i mjølkeproduksjonen har auka mykje dei siste åra. I tillegg har ny teknologi framskunda strukturendringane ved at ein må ha store driftseiningar for å kunne forsvare teknologisk fornying.

Frå mange hald har det komme ønskje om eit betre grunnlag for å kunne vurdere om lønsemda i mjølkeproduksjonen er god nok til å kunne forsvare dei store utbyggingskostnadene som er nødvendige for å kunne byggje ut mjølkeproduksjonen i tråd med nye krav til omfang, dyrevelferd og teknologi. Storfeprojektet i Hordaland med støtte frå Landbruksavdelinga hos Fylkesmannen i Hordaland og Innovasjon Norge tok derfor initiativet til ei undersøking blant utbyggingsbruka i mjølkeproduksjonen i Hordaland. Det har tidlegare vore utført liknande undersøking i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

I denne undersøkinga er driftsplan og investeringsbudsjett for utbygginga vurdert i forhold til oppnådd økonomisk resultat. I tillegg er materialet for utbyggjarane i fylket delt i høggruppe og låggruppe og dessutan samanlikna med tilsvarande undersøking i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. I enkelte høve er resultatata vurdert opp mot økonomien i mjølkeproduksjonen på Vestlandet (driftsgranskingane). Mjølkeprodusentane er også intervjuja om produksjon, økonomi og trivsel i etterkant av utbygginga. Utvalet er relativt lite, og ein må ta omsyn til det når ein skal tolke resultatata.

Til saman var 10 driftseiningar med i spørjeundersøkinga. Ni deltok i rekneskapsundersøkinga. Ei stor takk til alle utbyggjarane som har stilt talmateriale til disposisjon og stilt opp til intervju. Vi takkar også Storfeprojektet i Hordaland saman med Fylkesmannen og Innovasjon Norge i Hordaland for eit svært interessant oppdrag. Lars Ragnar Solberg har vore prosjektleiar og Torbjørn Haukås har skrive notatet. Heidi Knutsen har lese gjennom notatet og komme med nyttige innspel. Anne Bente Ellevold har ferdigstilt notatet for publisering.

Oslo, februar 2012  
Ivar Pettersen



# Innhold

---

SAMANDRAG .....	1
1 INNLEIING .....	3
2 MATERIALE OG METODE .....	5
2.1 Utval .....	5
2.2 Driftsplanar og budsjett .....	5
2.3 Rekneskap .....	5
2.4 Intervju av respondentane og spørjeundersøking .....	6
2.5 Inndeling av respondentane i grupper .....	6
3 REKNESKAPSANALYSE .....	9
3.1 Metode og definisjonar .....	9
3.2 Produksjon .....	10
3.3 Arbeidsforbruk .....	14
3.4 Økonomi .....	15
3.4.1 Produksjonsinntekter .....	15
3.4.2 Variable kostnader .....	17
3.4.3 Faste kostnader .....	19
3.4.4 Samla kostnader .....	20
3.4.5 Resultat .....	21
3.5 Investeringstidspunkt .....	24
3.6 Store og små produsentar .....	25
3.7 Soliditet .....	26
3.8 Likviditet .....	27
3.9 Jordbruksfrådraget .....	28
4 DRIFTSPLAN OG BUDSJETT I HØVE TIL RESULTAT .....	29
4.1 Samanlikning av investeringsbudsjett med faktisk investering .....	29
4.2 Årsak til avvik frå investeringsbudsjett .....	29
4.3 Analyse av driftsplanar i forhold til resultat .....	30
4.3.1 Produksjon .....	30
4.3.2 Produksjonsinntekter og - kostnader .....	31
4.3.3 Resultat .....	32
4.4 Årsak til avvik mellom resultat og driftsplan .....	33
5 SPØRJEUNDERSØKING .....	35
5.1 Utbygging .....	35
5.2 Produksjon .....	36
5.3 Økonomi .....	37
5.4 Sosiokulturelle faktorar .....	39
6 ANDRE UNDERSØKINGAR .....	41
6.1 Vurdering av økonomien på utbyggingsbruk i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal 2008 .....	41
6.2 Vurdering av økonomi på utbyggingsbruk i mjølkeproduksjon i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane 2009 .....	42
6.3 «Lykkelig som stor?» - samdriftsundersøking i Namdalen .....	42
6.3.1 Økonomi .....	43

6.3.2	Sosiokulturelle aspekt .....	43
6.3.3	Investeringar på driftsgranskingsbruk.....	44
6.4	Eldre undersøkingar på utbyggingsbruk .....	45
7	OPPSUMMERING OG KONKLUSJON .....	47
7.1	Punktvis oppsummering.....	47
7.1.1	Rekneskapsanalyse .....	47
7.1.2	Driftsplan og budsjett samanlikna med resultat.....	48
7.1.3	Spørjeundersøking .....	48
7.2	Konklusjon .....	48
	REFERANSAR .....	51



# Samandrag

---

Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning har på oppdrag frå Storfeprosjektet i Hordaland utført ei undersøking av økonomi og trivsel blant mjølkeprodusentar i Hordaland som har hatt stor utbygging av produksjonen i dei to fylka i perioden 2006 til 2008. Undersøkinga er gjort med støtte frå landbruksavdelinga hos fylkesmannen i Hordaland og Innovasjon Norge.

Det er samla inn rekneskapar for 2009 for i alt 9 produsentar. Produsentane er spreidde i heile fylket, og hadde mjølkeproduksjon frå 146 tonn til 511 tonn. Det var med i alt 6 samdrifter og 3 enkeltbruk. For samdrifter er det samla inn rekneskap frå selskapet og dei aktive deltakarane. Utvalet er gjort av NILF i samarbeid med Tine og Innovasjon Norge. I utvalet var det med 6 robotfjøs og 3 utan robot. I tillegg er 10 produsentar intervjuet om vurdering av eigen situasjon etter satsinga.

Resultatet frå rekneskapsanalysen viser at det er stor spreiding i resultatet mellom dei ulike produsentane. Prosjektdeltakarane oppnådde eit snitt på kr 180 000 per årsverk i vederlag til alt arbeid og eigenkapital. Dette er kr 90 000 svakare enn referansegruppa, som er ei gruppe tilsvarande utbyggingsbruk i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Sidan utvalet er såpass lite, har vi konsentrert oss om to grupper, dei fire produsentane med best og dei fire med svakast resultat målt i vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk. Utvalet er lite, og det er derfor grunn til å vere forsiktig med å generalisere på bakgrunn av såpass få observasjonar. Resultata er for det meste utrekna per årsku då det er stor skilnad i produksjonsomfang blant dei utvalde produsentane. Vi har også delt inn produsentane etter om dei hadde robot eller ikkje, om dei var i samdrift eller enkeltprodusentar. Eit par av produsentane hadde svært svakt resultat, og kan karakteriserast som utsette både under dagens rammevilkår og ved eventuelle endringar i rammevilkår.

Ei viktig oppgåve i prosjektet var å undersøke om driftsplanane som var laga i samband med satsinga, var i tråd med faktiske resultat med tanke på investeringskostnad og driftsresultat. På grunn av ulik organisering av drifta var det vanskeleg å samanlikne driftsplan og rekneskap. Etter ein grundig gjennomgang av ulike delar av rekneskapan for 2009, fann vi at gjennomsnittleg investering var om lag 24 prosent større enn budsjettet i middel for dei 7 produsentane vi hadde data for. Alle hadde investert meir enn budsjettet, det varierte frå 3 prosent til 71 prosent. Årsak til budsjettsprekk var underkalkulering av delar av utbygginga i tillegg til at det var ein periode med sterk auke i byggjekostnader frå plan til ferdig bygning. Produksjonsomfanget i 2009 var mykje høgare enn planlagt blant dei 6 produsentane vi hadde data for. Mjølkeknoten var heile 52 prosent høgare enn i driftsplanen. Driftsoverskotet var i snitt 18 prosent høgare i rekneskap enn i driftsplan. Her var det store avvik begge vegar. På inntektssida bidrog auka produksjon positivt. På kostnadssida var det avvik på faste kostnader, avskrivningar og renter.

Kvar utbyggjar svarte også på eit spørjeskjema der han skulle vurdere produksjon, økonomi og sosiokulturelle faktorar. Respondentane var stort sett godt nøgde med produksjonen etter utbygginga. Nokre hadde hatt vanskar med tekniske løysingar som var valde, og hadde hatt ekstra kostnader i samband med det. Kvalitet på mjølk var god både før og etter utbygging, det same galdt for dyrehelse. Respondentane var ikkje nøgde med økonomien etter utbygging. Dei var klare på at dei hadde svak økonomi samanlikna med andre yrkesgrupper. Med unnatak av ein, var det ingen av dei spurde som


angra på utbygginga. Dei treivst godt i kvardagen og såg positivt på framtida, men få hadde planar om ytterlegare utbygging.

Undersøkinga viser at det er stort sprik mellom produsentane i økonomisk resultat. Høggruppa viser at det er råd å byggje ut for eit stort produksjonsomfang i mjølkeproduksjonen i Hordaland. Låggruppa viser at det kan vere hardt økonomisk i perioden etter ei såpass omfattande utbygging. Grunnen til svakt resultat er blant anna svak finansiell basis, innkjøringsproblem i tida etter utbygging og dårlege rammevilkår for enkelte (dårlege vilkår på lån i bank). Utbyggjarane er svært utsette for endringar i rammevilkår, som til dømes renteendringar.

Utvalet er relativt lite, og ein må ta omsyn til det når ein skal tolke resultatata. Tilhøva på dei utvalde bruka gjev likevel ein god indikator på kva utfordringar ein kan vente etter ei utbygging, og kva resultat ein kan vente under gjevne føresetnader.

# 1 Innleiing

Mjølkeproduksjonen er inne i ei rivande utvikling. Ny teknologi i form av mjølkerobot krev store driftseiningar for å kunne forsvare utbygging økonomisk samtidig som strukturen i mjølkeproduksjonen i Hordaland er prega av små einingar. Gjennomsnittsprodusenten i Hordaland er framleis liten. Middels mjølkekvote i 2009 var 108 300 liter. I 2011 er snittkvoten i Hordaland auka til 123 800 liter. Dersom meiereileveransen ligg på 6 800 liter per årsku, tilsvarer det ein buskap på 18,2 årskyr. Tilsvarande middeltal for landet er 148 800 liter og 21,9 årskyr. Av v<sup>1</sup> Vestlandsfylka er det berre Sogn og Fjordane som har lågare mjølkekvote i middel enn Hordaland.



Figur 1.1 Utvikling mjølkekvote i fylka på Vestlandet 2009–2011, liter

Mange av driftsbygningane er gamle og treng fornying. Dette er ofte aktuelt ved generasjonsskifte eller ved innføring av nye krav til bygning på grunn av dyreforskrifter eller miljøkrav. Spørsmålet for produsenten vert ofte om ein skal satse og utvide produksjonen, eller om ein skal selje eller leige ut mjølkekvoten.

Storleiken på investeringar i ny driftsbygning i mjølkeproduksjonen har auka dramatisk dei siste åra. Grunnen er både auke i byggjekostnader, men mest på grunn av storleik på bygget og ny teknologi. Krav til ferie og fritid gjer at mange satsar på mjølkerobot, og då må produksjonsomfanget aukast monaleg. Utbyggingane i mjølkeproduksjonen har på få år auka i ramme frå eit par mill. opp til 10–12 mill. kr. Produsenten treng meir areal og mjølkekvote, og dette kan ordnast ved å gå saman med nabo(ar) i samdrift eller leige eller

<sup>1</sup> SLF <https://www.slf.dep.no/no/produksjon-og-marked/melk/melkekvoter/statistikk?index=40>  
19. desember 2011

kjøpe tilleggsareal og kvote. Å auke produksjonen er krevjande med tanke på alt som må tilpassast eit større volum, som bygningar, arealgrunnlag og buskap.

Det er ofte spørsmål om lønsemda i mjølkeproduksjonen er god nok til at det løner seg å byggje ut i ein slik storleik, og om grunnlaget for å ta slike store avgjerder er tilfredsstillande. Ein har til no hatt avgrensa datagrunnlag for å gjere slike vurderingar, og det var eit ønskje om at ein skulle få ei vurdering av lønsemda på store utbyggingar i mjølkeproduksjonen. Storfeprosjektet i Hordaland med støtte av landbruksavdelinga hos Fylkesmannen i Hordaland saman med Innovasjon Norge tok initiativet til ei undersøking blant mjølkeprodusentar i Hordaland blant dei som har hatt ei større utbygging av mjølkeproduksjonen dei siste åra. Formålet var å undersøkje økonomien blant utbyggarane. I tillegg ønskte dei å vurdere om driftsplanane som vart laga før utbygginga, var realistiske i forhold til det faktisk oppnådde økonomiske resultatet. Det var også viktig å sjekke om investeringsbudsjetta var i tråd med faktisk utbyggingskostnad, slik at ein kunne vurdere kvaliteten på planane. Andre faktorar rundt drifta er også viktig å kartlegge. Det gjeld faktorar som arbeidsmiljø, samarbeid, dyrevelferd og trivsel. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) fekk i oppdrag å gjere ei undersøking rundt desse problemstillingane.

## 2 Materiale og metode

---

### 2.1 Utval

I denne undersøkinga er det gjort eit utval av driftseiningar i mjølkeproduksjonen i Hordaland. Dette gjeld produsentar som har investert tungt i perioden 2006 til 2008. Utvalet er gjort blant alle mjølkeprodusentane i Hordaland som investerte tungt i bygning og utstyr i den aktuelle perioden. Utvalet er gjort etter geografisk spreiding, om det er enkeltbruk eller samdrifter, og etter storleik på produksjon. Sidan deltaking var frivillig, måtte vi gå litt ned på lista før vi fekk tilstrekkeleg med deltakarar. Planen var 10 produsentar i Hordaland, ein produsent fall frå under vegg, så vi enda opp med 9 produsentar godt fordelt etter dei utvalskriteria vi sette.

I utvalet er det fem samdrifter og fire enkeltbruk. Blant produsentane i utvalet er det seks fjøs med robotmjølking. Utvalet skulle dermed samsvare bra i forhold til organisasjonsform, storleik og val av teknisk løysing i driftsbygningane.

### 2.2 Driftsplanar og budsjett

Alle utbyggingane vart gjort med støtte frå Innovasjon Noreg, og det var utarbeidd driftsplan for produsentane. Ein viktig del av denne undersøkinga har vore å sjekke faktisk utbyggingskostnad mot investeringsbudsjett i driftsplan. I tillegg er planlagt driftsresultat i driftsplan sjekka mot faktisk driftsresultat i 2009.

Driftsplanane var svært ulike i utforming og innhald, og det var nytta ulik programvare til driftsplanane. For ein produsent mangla vi driftsplan. Nokre planar var nokså detaljerte både med omsyn til spesifisering av investeringar og resultatmål i driftsplan. For nokre sentrale resultatmål var det mogeleg å finne samanliknbare data frå samtlege driftsplanar, som til dømes samla investering i utbygginga og driftsoverskot for drift etter investering (2009). For dei andre resultatmåla varierer tal observasjonar mellom 5 og 8.

Eit metodisk problem som dukka opp, var at driftsplanane for nokre av samdriftene berre var laga for ein av partnarane, den som hadde nybygget på eigedommen sin. I andre tilfelle er driftsplanen laga for samdrifta (selskapet), og i nokre tilfelle er driftsplanen laga for både samdrifta og partnarane. For å kunne samanlikne driftsplan med rekneskapsresultat, er derfor deler av konsernrekneskapen for samdrifter nytta i samband med dette. Er til dømes driftsplanen laga for ein av utbyggjarane, er det rekneskapsresultatet for den eine partnaren som er nytta i samanlikninga.

### 2.3 Rekneskap

Skatterekneskap for 2009 ligg til grunn for undersøkinga. Det er samla inn skatterekneskap for alle enkeltbruka. I tillegg er det for samdriftene samla inn rekneskap frå selskapa og for alle dei aktive partnarane. I nokre tilfelle er bygningen eit eige aksjeselskap. Vi har då nytta denne rekneskapen i tillegg. Skatterekneskapa er omarbeidde til driftsrekneskap i tråd med retningslinjene for driftsgranskingar i jord- og skogbruk.

For å kunne samanlikne resultat i samdrifter med enkeltprodusentar er det nytta resultat frå selskapet i tillegg til rekneskapen til dei aktive partnarane i samdrifta. Interne posteringar mellom partnarane er fjerna slik at det er det økonomiske resultatet for

«konsernet» (selskapet i tillegg til deltakarane i samdrifta) som ligg til grunn. Dette er gjort av fleire grunnar. Resultatet for samdrifta vert dermed samanliknbar med enkeltbruka og med driftsgranskingane i jord- og bruk. I tillegg unngår vi at resultatet i samdrifta er påverka av ulik prising på innsett kapital frå partnarane (leige av bygningar, kvote, areal og dyr) eller at grovføret er ulikt prisa frå partnaren inn mot selskapet. Utbetalt arbeidsvederlag frå samdrifta til deltakarane er fjerna, slik at driftsoverskotet frå konsernet skal dekke kapitalgodtgjering og innsett arbeid. Alle tilskot som vedrører mjølkeproduksjonen, inngår også dermed i driftsresultatet. Ulempa med ein slik metode er at sideproduksjonar hos ein eller fleire av deltakarane i selskapet kjem med i det samla konsernresultatet. I vårt tilfelle er innslaget av andre produksjonar så lite at vi har valt å sjå bort frå det med eitt unnatak. Hos den eine produsenten er partnaren med sideproduksjon, sett på som ekstern i høve til samdrifta.

## 2.4 Intervju av respondentane og spørjeundersøking

Ti produsentar i prosjektet er intervjuar. Sju av dei er også besøkte i samband med intervju, medan tre av intervjuar er tekne over telefon. For å kartlegge innsett kapital i jordbruksdrifta, er alle investeringar registrerte med investeringsår og innkjøpspris og sett inn i driftsbalansen etter historisk kost-prinsippet. Respondentane har oppgitt areal og avlingar for driftsåret 2009. I tillegg er arbeidsforbruk for jordbruk registrert både på egne bruk og i samdrifta i tråd med prinsipp for oppsetting av driftsrekneskap.

For å kartlegge oppfattinga til respondentane med omsyn til produksjon, økonomi og sosiokulturelle aspekt, vart det utarbeidd eit spørjeskjema som vart utfylt i samband med besøket hos produsenten. For samdriftene vart det gjort ved at dei aktive partnarane fylte ut skjemaet i fellesskap og kom fram til konsensus på dei ulike spørsmåla. Styrken ved denne metoden er at vi då har eitt skjema for kvar driftseining. Ulempa kan vere at eventuell usemje blant partnarane om ulike spørsmål ikkje kjem tydeleg nok fram.

## 2.5 Inndeling av respondentane i grupper

Sidan det var såpass få med i utvalet, er det avgrensa kor stor nytte ein har av å dele inn materialet i grupper. Vi har delt inn materialet i samdrifter og enkeltbruk og med og utan robot. I tillegg har vi nytta data frå ei tilsvarande undersøking i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal som referanse. Same metodikk som vart nytta i Hordaland, er også nytta i dei to andre fylka. Alle dei ni produsentane som er omfatta av denne undersøkinga i Hordaland, har føreteke ei relativt stor utbygging av mjølkeproduksjon i åra 2005 til 2008. Produksjonen av mjølk i 2009 varierte frå 146 tonn til 511 tonn mjølk med eit snitt på 334 tonn omsett mjølk. Vi har også delt inn produsentane i høg- og låggruppe etter resultatmålet vederlag til alt arbeid og egenkapital per årsverk. Høggruppa er dei fire produsentane med best resultat for resultatmålet, medan låggruppa er dei fire produsentane med svakast resultat blant dei undersøkte i prosjektet.

Tabell 2.1 Fordeling av dei 9 ulike mjølkeprodusentane i grupper

	<b>Alle Hordaland</b>	<b>Sam- drifter</b>	<b>Enkelt- bruk</b>	<b>Med robot</b>	<b>Utan robot</b>	<b>Høgg- ruppe</b>	<b>Låg- gruppe</b>
Alle Hordaland	9	5	4	6	3	4	4
Samdrifter	5	5	*	4	1	3	1
Enkeltbruk	4	*	4	2	2	1	3
Robot	6	4	2	6	*	3	2
Utan robot	3	1	2	*	3	1	2
Høgggruppe	4	3	1	3	1	4	*
Låggruppe	4	1	3	2	2	*	4





## 3 Rekneskapsanalyse

---

### 3.1 Metode og definisjonar

Dei 9 mjølkeprodusentane som har delteke i prosjektet, har levert inn skatterekneskap for enkeltbruket eller samdrifta og for dei aktive deltakarane i samdriftene. Dei passive deltakarane i samdriftene har ein behandla som eksterne aktørar. Tala som vert presenterte, er gjennomsnitta av alle produsentane eller gjennomsnitta til ulike undergrupper av produsentane. Ein har også valt å samanlikna med resultat frå eit liknande prosjekt i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal (*Nord-Vestlandet*).

Alle skatterekneskapane er omarbeidde til driftsrekneskapar. Eit driftsrekneskap er annleis enn eit skatterekneskap. Dei viktigaste skilnadene er avskrivingsmetode, verdsetjing av balanse og ein del resultatkontoar. I eit skatterekneskap nyttar ein saldoavskrivningar, medan i driftsrekneskapen her er nytta lineære avskrivningar. Neste side viser den generelle oppbygginga av driftsrekneskapen.

- Husdyrprodukt, jordbruk
- + Planteprodukt, jordbruk
- + Andre inntekter inkludert tilskot
- = **Produksjonsinntekter, jordbruk**
- Variable kostnader, jordbruk
- = **Dekningsbidrag inkludert tilskot, jordbruk**
- Faste kostnader
- = **Resultat før avskrivningar, jordbruk**
- Avskrivningar
- = **Driftsoverskot, jordbruk**


- + Driftsoverskot, pelsdyr
- + Driftsoverskot, skogbruk
- + Driftsoverskot, anna næring
- + Driftsoverskot, tilleggsnæring
- + Løsinntekter
- + Pensjonar og sjukepengar
- + Årlege erstatningar
- + Renteinntekter
- Renteutgifter
- Kår
- = **Nettoinntekt**

- Driftsoverskot, jordbruk
- Kalkulert rente av egedelar i jordbruket
- = **Familiens arbeidsforteneste i jordbruket**
- + Kostnader til leigd arbeid
- = **Lønsevne**

- Driftsoverskot, jordbruk
- + Kostnader til leigd arbeid
- Jordbrukets del av gjeldsrenter og kår
- = **Vederlag til arbeid og egenkapital**


## 3.2 Produksjon

Figur 3.1 viser totalt jordbruksareal og den delen som er leigd areal. Blant gruppene ser vi at det er ein del skilnader med tanke jordbruksareal. Høggruppa har noko større areal enn låggruppa. Samdriftene er større enn enkeltbruka, og bruka med robot er større enn dei utan robot. Gruppa frå Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal er også noko større enn gruppa frå Hordaland. Del leigejord varierer mykje. Låggruppa har 71 prosent leigejord medan høggruppa har 42 prosent. Det er også skilnad mellom regionane. Hordaland har 58 prosent medan Nord-Vestlandet har 39 prosent.



Figur 3.1 Jordbruksareal og leigd areal, dekar


Avlingar per dekar seier noko om avlingsnivået som dei ulike kategoriane har på areala sine, og kor intensivt areala vert nytta. Ein ser at høggruppa har noko betre avlingar per dekar enn låggruppa - 63 FEM per dekar. Det er også ein markant skilnad mellom regionane i avlingar per dekar på vel 150 FEM i favør av Nord-Vestlandet.



Figur 3.2 Grovfôravlingar per dekar, FEm


Årskyr er ein viktig målestokk for storleiken på produksjonsomfanget, og ei mykje brukt pkvotefyllingroduksjonseining i jordbruket. Høggruppa har 14 årskyr meir enn låggruppa. Dette forklarar ein del av skilnaden i mange av resultata. Samdriftene har større produksjonsomfang enn enkeltbruka, og gruppa med robot er større enn dei utan. Det er liten skilnad mellom regionane i tal årskyr.

Kvotefyllinga seier noko om i kva grad produsenten greier å fylle mjølkekvota. For gruppene varierer kvotefyllinga mellom 85 prosent og 101 prosent. Gruppa utan robot har lågast kvotefylling medan gruppa med robot og samdriftene er høgast i Hordaland med 91 prosent. Det skil lite mellom høg- og låggruppa med høvesvis 91 og 88 prosent. Det skil 10 prosentpoeng mellom regionane i favør av Nord-Vestlandet.




Figur 3.3 Tal årskyr og kvotefylling mjølk for dei ulike kategoriane

Eigedelar i alt i jordbruket varierer mykje mellom kategoriane. Omfang på produksjonen spelar inn her, så derfor er innsett kapital i jordbruket (eigedelane) delt på tal årskyr for dei ulike kategoriane. Låggruppa har kr 44 000 meir i innsett kapital i drifta per årsku enn høggruppa. Enkeltbruka ligg høgast av dei aktuelle gruppene med kr 204 000 per årsku. Det er liten skilnad mellom regionane. Bygningsmassen veg tungt på kapitalsida, og utgjer størstedelen av innsett kapital i drifta. Låggruppa ligg høgt i verdi, noko som skuldast høge bygningsinvesteringar i forhold til tal årskyr. Låggruppa har langt færre årskyr enn høggruppa.




Figur 3.4 Eigedelar i alt (jordbruk) per årsku, kr

Grovfôr- og beiteareal per årsku er eit godt mål på tilgangen til grovfôr og beiteareal. Ein ser at grovfôrarealet varierer mellom 10 og 16 dekar per årsku (Figur 3.5). Figuren seier ikkje så mykje om kvaliteten på arealet då det omfattar både fulldyrka og overflatedyrka areal i tillegg til innmarksbeite. Robotfjøs har lite grovfôrareal per årsku samanlikna med dei utan robot. Vi ser også at høggruppa har mindre areal per årsku enn låggruppa. Hordaland har mindre grovfôrareal per årsku enn Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane, i tillegg har dei lågare avlingar per dekar.




Figur 3.5 Grovfôr- og beiteareal per årsku, dekar

Mjølkk per årsku eller gjennomsnittleg yting frå ei årsku er eit viktig resultat som speglar driftsopplegget blant produsentane. Her ser vi at det stor skilnad mellom høggruppa og låggruppa. Skilnaden er over 1 000 kg per årsku. Samdriftene har høgare yting enn enkeltprodusentane. Det er små skilnader mellom regionane, Hordaland ligg rett over 8 000 kg i yting medan Nord-Vestlandet ligg rett under. Begge gruppene ligg godt over det som er vanleg yting blant mjølkeprodusentane på Vestlandet.



Figur 3.6 Mjølkk per årsku, kg


Mjølkeproduksjon genererer større eller mindre mengder storfekjøtt. Kjøttproduksjon er ei anna kjelde til inntekter i jordbruket for mjølkeprodusentane. Det er store skilnader mellom kategoriane i omsett storfekjøtt per årsku. Noko av dette kan forklarast i tilgang på grovfôr og bygningskapasitet. Høggruppa produserer heile 113 kg storfekjøtt meir enn låggruppa, og er oppe i 420 kg per årsku. Samdriftene produserer meir kjøtt enn enkeltprodusentane, og robotfjøsa produserer meir enn dei utan robot. Hordaland har ein høgare kjøttproduksjon enn Nord-Vestlandet.



Figur 3.7 Omsett storfekjøtt per årsku, kg

### 3.3 Arbeidsforbruk

Ein viktig målestokk for effektivitet er arbeidsinnsats i mjølkeproduksjonen er målt som timar per årsku. Høggruppa har langt færre arbeidstimar per årsku enn låggruppa. Dette skjer trass i at dei produserer langt meir kjøtt per årsku enn dei i låggruppa. Årsaka til skilnad i arbeidsforbruk kan vere at omfanget er større i høggruppa. Robotfjøsa har som venta lågare arbeidsforbruk per årsku enn enkeltprodusentane. Mjølkeroboten erstattar ein god del manuelt arbeid. Samdriftene er meir effektive enn enkeltprodusentane. Årsaka er nok også her skilnad i produksjonsomfang. Samdriftene har 56 årskyr mot 31 årskyr blant enkeltprodusentane. Hordaland er meir effektiv enn Nord-Vestlandet, men skilnaden er liten. Kor stor del av arbeidet som er leigd, varierer mellom gruppene. Låggruppa har 15 prosent leigd arbeid, medan høggruppa har 10 prosent. Det er meir leigd arbeid hos enkeltprodusentane (16 %), enn hos samdriftene 11 prosent. Nord-Vestlandet har 20 prosent leigd arbeid medan Hordaland har 13 prosent.




Figur 3.8 Arbeidsinnsats (jordbruk) per årsku, timar

Arbeidsinnsats utanfor jordbruket er ikkje fullstendig kartlagd i denne undersøkinga, og det vert derfor ikkje presentert data for dette.

## 3.4 Økonomi


### 3.4.1 Produksjonsinntekter

Mjølkeinntekter per årsku er stabile mellom gruppene, og følgjer i stor grad den same trenden som mjølk per årsku gjorde. Høggruppa har kr 3 800 meir i mjølkeinntekter enn låggruppa per årsku. Dette skuldast høgare yting per årsku. Mjølkeprisen varierte svært lite mellom gruppene, og låg på rundt kr 4 per liter i 2009. Inntekter frå storfekjøt varierte mellom kr 19 100 (Høggruppa) og kr 14 400 (Enkeltprodusentar). Det var liten variasjon i kjøtprisen mellom gruppene, så inntektsskilnadene skuldast ulik grad av påsett av kalvar og mengde produsert kjøt per årsku.




Figur 3.9 Mjølkeinntekter og kjøttinntekter ekskl. tilskot per årsku for ulike grupper av produsentar, kr per årsku

Produksjonsinntektene per årsku inklusiv tilskot varierer lite mellom dei ulike gruppene, og ligg mellom kr 60 000 og kr 70 000 per årsku. Vi ser at det er ein skilnad på om lag kr 6 000 mellom høggruppa og låggruppa. Dette skuldast i hovudsak mykje høgare kjøttproduksjon. Enkeltbruka får mest i tilskot per årsku, noko som skuldast lågare produksjonsomfang enn dei andre gruppene. Blant dei andre kategoriane er det små variasjonar i tilskotsnivå per årsku.



Figur 3.10 Produksjonsinntekter medrekna tilskot, kr per årsku

Dei totale tilskota i jordbruket per produsent viser at høggruppa i sum får om lag kr 160 000 meir per produsent enn låggruppa. Samdriftene får kr 263 000 meir i tilskot enn enkeltprodusentane og robotfjøsa får kr 255 000 meir enn dei utan robot. Det meste av desse skilnadene skuldast skilnad i produksjonsomfang. Det er mest ingen skilnad i sum tilskot per produsent mellom regionane, noko som var venta då produksjonsomfang og rammevilkår er nokså like for dei ulike regionane.




Figur 3.11 Tilskot i alt per produsent (både produksjonsuavhengige og -avhengige)



### 3.4.2 Variable kostnader


Det er oftast på kostnadssida ein finn dei største skilnadene både mellom grupper og mellom enkeltprodusentar. Det er store skilnader på kostnadssida i denne undersøkinga. Figur 3.12 viser skilnader i førkostnader mellom dei ulike gruppene. Vi ser at høggruppa har høgare kraftfôrkostnader og grovfôrkostnader per årsku samanlikna med låggruppa. Samdriftene har høgare førkostnader enn enkeltprodusentane. Det er mindre skilnader mellom produsentar med og utan robot, men vi ser at robotfjøsa har noko høgare kraftfôrkostnader. Den mest interessante skilnaden finn vi mellom regionane. Det er stor skilnad mellom Hordaland og Nord-Vestlandet. Det er særleg grovfôrkostnaden som er høgare for Hordaland. Skilnaden er på kr 4 200 per årsku. Årsaka er mindre areal og mykje lågare avlingsnivå i Hordaland og tilsvarende meir kjøp av grovfôr.



Figur 3.12 Førkostnader per årsku

Kostnader til gjødsel er klart lågare i Hordaland enn for Nord-Vestlandet. Det er om lag kr 1 000 lågare per årsku i middel for Hordaland. Mindre bruk av gjødsel i Hordaland kan vere med på å forklare den store avlingsskilnaden mellom regionane. Høggruppa i Hordaland har høgare gjødselkostnader enn låggruppa. Her ser vi også at avlingsnivået er høgare for denne gruppa. Her kan det vere ein samanheng. Samdriftene har langt høgare gjødselkostnad enn enkeltbruka, og bruka med robot har høgare kostnad enn dei utan robot.


Bruk av konserveringsmiddel er høgare i høggruppa enn i låggruppa. Bruk av konserveringsmiddel gjev jamt over betre grovfôr kvalitet og kan vere med på å forklare litt av resultatsskilnaden mellom høg- og låggruppa. Vi ser også at Nord-Vestlandet har høgare kostnader til konserveringsmiddel enn Hordaland, og kan dermed også forklare litt av skilnaden i resultat mellom regionane.



Figur 3.13 Kostnader til gjødsel og konservering per årsku

Kostnader til medisin og veterinær er relativt stabile mellom dei ulike kategoriane. Det er likevel om lag 20 prosent høgare kostnader til veterinær og medisin i Hordaland enn i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.


Det er store skilnader i kostnader til kjøp av dyr både mellom gruppene og bruka i kvar gruppe. Nokre har brukt store summar på kjøp av storfe, medan andre mest ikkje har kjøpt dyr. Hordaland har brukt dobbelt så mykje på kjøp av dyr som Nord-Vestlandet. Dette kan tyde på at produsentane i regionen er i ein fase med oppbygging av buskap, medan produsentane lenger nord er komne opp i stabil fase.



Figur 3.14 Kostnader til kjøp av storfe og til veterinær og medisin per årsku

### 3.4.3 Faste kostnader


Med faste kostnader forstås ein her kostnader som i liten grad varierer med produksjonsomfanget. Kostnader til leigd arbeid vert her rekna som faste kostnader. Kostnader til leigd arbeid ligg rundt kr 2 000 per årsku for dei fleste gruppene med unntak av enkeltbruk og robotfjøs. Dei har høvesvis kr 4 000 og kr 3 000 per årsku. At enkeltprodusentar har meir leigd hjelp enn samdrifter er venta då samdriftene har meir eiga arbeidskraft til disposisjon. Det er igjen skilnad mellom regionane, Hordaland ligg litt høgare enn Nord-Vestlandet med høvesvis kr 2 800 og kr 2 400 per årsku. Det er liten skilnad på høggruppe og låggruppe med omsyn til kostnader til leigd hjelp.



Figur 3.15 Kostnader til leigd arbeid og vedlikehald, kr per årsku

Vedlikehaldskostnader til maskiner og bygning varierer mykje mellom gruppene. Høggruppa har vesentleg lågare kostnader til vedlikehald både til maskiner og bygningar rekna i kr per årsku. Mellom regionane er det mindre skilnad med omsyn til maskinvedlikehald, medan er stor skilnad i vedlikehaldskostnader på bygning. Produsentane i Hordaland har i middel kortare tid mellom registreringsår og utbyggingsår. Dette kan forklare noko av skilnaden.

Kostnader til maskinleige og leasing per årsku ligg mellom kr 3 400 og kr 6 000 per årsku i middel for gruppene. Låggruppa har om lag kr 1 500 høgare kostnader enn høggruppa. Enkeltprodusentar ligg høgare enn samdriftene, og robotfjøsa ligg høgare enn dei utan robot. Hordaland ligg på kr 4 700 medan Nord-Vestlandet ligg på kr 4 400 per årsku. Leasing breier stadig meir om seg i landbruket, og er den posten som har auka mest i landbruket dei siste åra.




Figur 3.16 Maskinleige, leasing og administrasjon, kr per årsku

Administrasjonskostnader er ein samlepost i driftsrekneskapen som inkluderer kontingentar, rekneskapstenester, telefon- og IT-kostnader, bruk av privatbil i jordbruket med meir. Ein ser også her at låggruppa har vesentleg høgare kostnader enn høggruppa, høvesvis kr 2 900 og kr 1 800 per årsku. Hordaland ligg noko høgare enn Nord-Vestlandet med omsyn til kostnader til administrasjon.

### 3.4.4 Samla kostnader

Kostnadsbildet viser store skilnader mellom dei ulike gruppene. For variable kostnader har låggruppa lågare kostnader enn høggruppa. Skilnaden er kr 1 600 i favør av låggruppa. Ser vi på faste kostnader vert det eit anna bilde. Høggruppa har langt lågare faste kostnader enn låggruppa. Skilnaden er heile kr 4 600 per årsku. Avskrivningane er også høgare for låggruppa. Samla kostnader inklusive avskrivningar er kr 4 400 høgare for låggruppa enn for høggruppa. Samdriftene har lågare samla kostnader enn enkeltprodusentane, og dei med robot har høgare kostnader enn dei utan. Det er også stor skilnad mellom regionane. Hordaland har høgare både variable og faste kostnader medan avskrivningane er om lag like. Samla kostnader for Hordaland var kr 52 800 mot kr 46 500 for Nord-Vestlandet per årsku.




Figur 3.17 Variable kostnader, faste kostnader og avskrivningar, kr per årsku

### 3.4.5 Resultat

Dekningsbidrag er produksjonsinntekter minus variable kostnader. Tilskota er her med i produksjonsinntekene. Av Figur 3.18 ser vi at høggruppa har noko høgare dekningsbidrag per årsku enn låggruppa. Skilnaden er på kr 4 600 per årsku. Hordaland oppnådde kr 3 500 mindre i dekningsbidrag enn Nord-Vestlandet.


Resultat før avskrivning er dekningsbidrag minus faste kostnader utanom avskrivning. Utslaga mellom gruppene er større for dette resultatmålet i og med at det var store skilnader i faste kostnader. Høggruppa oppnådde kr 23 600 mot kr 14 400 i låggruppa. Skilnaden mellom regionane var kr 4 600 i favør av Nord-Vestlandet.

Trekkjer vi avskrivningane frå resultat før avskrivning, får vi driftsoverskot. Skilnaden mellom høg- og låggruppa er då auka til kr 10 500 per årsku. Høggruppa ligg på kr 17 000 medan låggruppa berre oppnådde eit driftsoverskot på kr 6 500 per årsku.




Figur 3.18 Dekningsbidrag inkl. tilskot, resultat før avskrivning og driftsoverskot per årsku

I tillegg til å vise driftsoverskot per årsku, har vi valt å vise driftsoverskot per produsent. Driftsoverskotet per driftseining vil i stor grad vere proporsjonalt med produksjonsomfang. Figur 3.19 viser at det er store skilnader mellom gruppene i driftsoverskot per produsent. Medan høggruppa har driftsoverskot på kr 863 900 i middel er driftsoverskotet for låggruppa kr 239 500. Bidraget frå jordbruket til totaløkonomien til bonden er med andre ord tre og ein halv gong så stort frå høggruppa som for låggruppa.



Figur 3.19 Driftsoverskot jordbruk per produsent


Driftsoverskotet skal dekke godtgjering til eige arbeid og til all innsett kapital. Renteutgifter per årsku er høgast for robotfjøs og samdrifter. Renteutgifter og kår ligg på vel kr 4 000 per årsku for høggruppa, medan låggruppa ligg på kr 6 000 per årsku. Hordaland hadde kr 5 600 per årsku medan Nord-Vestlandet låg på kr 4 300. Årsakene til skilnadene er i stor grad knytt til gjeldsnivå, men også rentevilkår frå bankane spelar inn her. Rentenivået i 2009 var lågt med ei pengemarknadsrente på om lag 3 prosent. Eitt av bruka betalte 7,5 prosent i effektiv rente på eit stort lån på fjøset, noko som var langt over rentenivå for dei fleste andre i undersøkinga.



Figur 3.20 Renteutgifter og kår, kr per årsku

Familiens arbeidsforteneste per årsverk kjem ein fram til når ein trekkjer eit rentekrav på all innsett kapital frå driftsoverskotet og deler på årsverk á 1 845 timar. Rentefoten i 2009 var sett til 3 prosent, noko som samsvarar med pengemarknadsrenta. Vi ser at det er stor skilnad mellom gruppene med omsyn til kor mykje som er att til arbeidsforteneste når kapitalen har fått sitt. Medan høggruppa ligg på vel kr 250 000 per årsverk, er det mest ikkje att godtgjering til arbeid i låggruppa. Det er også stor skilnad mellom Hordaland og Nord-Vestlandet.

Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk er eit mykje nytta resultatmål i jordbruksforhandlingane. Ein kjem fram til dette ved å leggje kostnader til leigd hjelp til driftsoverskotet, og trekkje frå jordbrukets del av betalte renter og kår, og deretter dele på årsverk á 1 845 timar. Vederlaget skal altså dekke godtgjering til alt arbeid, både eige og leigd, og til eigenkapital som er sett inn i drifta. Vederlag til alt arbeid og eigenkapital varierer om lag i same mønster som familiens arbeidsforteneste. Vederlaget er jamt over høgare per årsverk enn arbeidsfortenesta. Gruppene med mykje leigd arbeid som er dyrare enn lønsevna på bruket, vil ha større skilnad. Det same vil grupper med høg eigenkapital og lite gjeld. Medan høggruppa har eit vederlag per årsverk på vel kr 300 000, har låggruppa eit vederlag på om lag kr 50 000. Talet på innsette arbeidstimar spelar også inn når ein måler resultatet per årsverk.




Figur 3.21 Familiens arbeidsforteneste per årsverk og vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk

Lønsevne er familiens arbeidsforteneste pluss kostnader til leigd arbeid, og lønsevne per time er denne storleiken delt på tal timar brukt i jordbruket, både eige og leigd. Lønsevne per time er den timesatsen garden kan betale for innsett arbeidskraft når all kapital er godtgjort. Høggruppa har ei lønsevne per time på kr 155, medan låggruppa ligg på kr 23. For Hordaland er lønsevna per time kr 93 mot kr 130 for Nord-Vestlandet.

Ser vi på vederlag til alt arbeid og eigenkapital per time, vert utslaga noko annleis mellom gruppene. I dei fleste gruppene ligg vederlaget høgare enn lønsevna, men for samdrifter og bruk med robot er det omvendt.

Effekt av jordbruksfrådraget verkar ikkje inn på nokon av dei resultatmåla som vanlegvis vert presenterte. Jordbruksfrådraget er nærmare omtalt i kapittel 3.9. Legg vi til effekten av jordbruksfrådraget til vederlag for alt arbeid og eigenkapital per time, ser vi at timesatsen aukar med kr 11 til kr 18 per time. Inntektsverknaden av jordbruksfrådra-

get er avhengig av storleik på frådrag og arbeidsomfanget til produsenten. Desto høgare frådrag og færre timar ein har ei gruppe, desto høgare vert inntektsverknaden av jordbruksfrådraget per årsverk. Skattekorrigert vederlag per time var kr 185 for høggruppa og kr 41 for låggruppa. Hordaland oppnådde kr 113 og Nord-Vestlandet kr 163.




Figur 3.22 Timesats ved ulike resultatmål for dei ulike gruppene

Alle tal som er presenterte, gjeld for rekneskapsåret 2009. Stadige endringar i rammevilkåra gjer at ein alltid må vurdere resultatane nøye før ein nyttar dei i vidare planlegging.

### 3.5 Investeringstidspunkt

Dei 9 produsentane i Hordaland har investert i perioden 2006 til 2008. Registreringa er gjort for 2009. Det medfører at nokre produsentar har første fulle produksjonsår i registreringsåret, medan nokre produsentar har andre eller tredje året. Frå tidlegare undersøkingar veit vi at dei første åra ofte er svake på grunn av tilpassing til nytt opplegg for folk og buskap. Det tek ofte også tid å bygge opp buskap og produksjon. Vi har derfor sett litt på resultat i forhold til investeringsår. Fem av produsentane investerte i 2006, to i 2007 og to i 2008. Dersom vi deler materialet i to, ei gruppe med fem som investerte i 2006 og ei gruppe med dei som investerte i 2007 og 2008 kjem vi fram til følgjande resultat:





Figur 3.23 Resultat målt i vederlag alt arbeid og egenkapital per årsverk for ulike grupper med ulikt investeringsstartpunkt.

Figuren viser at gruppa i Hordaland som investerte i 2006, hadde eit langt betre resultat enn gruppa som investerte i 2007 og 2008. I middel er det 1,5 år i skilnad mellom dei to gruppene med omsyn til produksjonstid etter investering. Skilnaden mellom regionane er 1,3 år med omsyn til produksjonstid etter investering. Nord-Vestlandet har vel eitt år lengre produksjonstid frå investering til registreringstidspunkt enn Hordaland i middel, og dette forklarar noko av skilnaden i resultat mellom gruppene.


### 3.6 Store og små produsentar

Det er stor skilnad i produksjonsomfang blant dei undersøkte produsentane med utbygging. Medan høggruppa hadde 51 årskyr og ein mjølkeleveranse på 407 000 liter, hadde låggruppa 37 årskyr og 255 000 liter. Dette gjev ein indikator på at det kan vere skilnad i lønsemd mellomstore og dei små produsentane. Vi har derfor sett på resultatet for dei fire største produsentane og dei fire minste produsentane basert på tal årskyr. Dei minste hadde i middel 31 årskyr, medan dei største hadde 57 årskyr.

Dei minste oppnådde kr 79 000 i vederlag til alt arbeid og egenkapital per årsverk mot kr 212 000 for dei største. Dei store produsentane hadde mindre innsett kapital per årsku, særleg galdt dette bygningar og maskiner. Dei hadde 370 kg høgare yting per årsku, og hadde vesentleg færre arbeidstimar per årsku, 91 timar mot 143 timar. Medan dekningsbidraget per årsku var litt høgare for dei små, førde høge faste kostnader og avskrivningar til at driftsoverskotet per årsku berre var om lag det halve for dei små samanlikna med dei store (kr 7 700 mot kr 14 000). Dette tyder på at det har vore for store investeringar hos dei små produsentane i høve til produksjonsomfang, eller at produksjonskapasiteten ikkje er utnytta.


### 3.7 Soliditet

Soliditet tyder evne til å tåle tap. Eigenkapitalprosent over 40 kan reknast som eit solid nivå. Blant gruppene i Hordaland er det berre gruppa utan robot som har over 40 prosent. Både høggruppe og låggruppe ligg med ein eigenkapitalprosent rett over 20. Samdriftene og robotfjøsa ligg ned mot 10 prosent. Hordaland har eigenkapitalprosent på vel 20, medan Nord-Vestlandet har vel 50 prosent. Her ligg ein av dei største skilnadene mellom regionane. Den låge soliditeten hos nokre av produsentane kan vere med på å forklare dei dårlege lånevilkåra for nokre av produsentane i Hordaland. Soliditeten målt i eigenkapitalprosent er mykje lågare i Hordaland enn i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.



Figur 3.24 Eigenkapitalprosent for dei ulike gruppene

Låggruppa har større gjeld per årsku enn høggruppa. Særleg er det mykje høgare kortsiktig gjeld i låggruppa. Den største skilnaden i langsiktig gjeld mellom gruppene finn vi mellom produsentane med og utan robot. Robotfjøsa har knapt 40 prosent meir gjeld enn dei utan robot per årsku. Hordaland har 46 prosent meir gjeld per årsku enn Nord-Vestlandet.




Figur 3.25 Langsiktig gjeld per årsku, kroner

## 3.8 Likviditet


Likviditet betyr betalingsevne eller evne til å kjøpe. Likviditeten til ei verksemd vert ofte målt i ulike likviditetsgrader, og nedanfor finn ein likviditetsgrad 1 og 3. Likviditetsgrad 3 seier noko om dei mest likvide midlane, bankinnskot og kontantar til bedrifta, medan likviditetsgrad 1 tek også med dei litt mindre likvide midlane som varelageret.

Likviditetsgrad 1 bør vere over to, og som ein ser ut av figuren nedanfor, så er det ingen av gruppene i Hordaland som tilfredsstillir dette.<sup>2</sup> Høggruppa har høgast likviditetsgrad 1 med 1,4. Låggruppa ligg på 0,8 medan dei andre gruppene i Hordaland ligg rundt 1,0. Til samanlikning har Nord-Vestlandet 3,7.



Figur 3.26  $Likviditetsgrad\ 1 = Omløpsmiddel / Kortsiktig\ gjeld$

Likviditetsgrad 3 inkluderer berre dei mest likvide midlane. Tommelfingerregelen er at likviditetsgrad 3 bør vere over 0,3.<sup>3</sup> Vi ser at berre høggruppa tilfredsstillir dette kravet blant gruppene i Hordaland. Låggruppa ligg på 0,02, noko som er svært lågt. Hordaland samla ligg på 0,19 medan Nord-Vestlandet ligg på 1,7.



Figur 3.27  $Likviditetsgrad\ 3 = (Bankinnskot + Kontantar) / Kortsiktig\ gjeld$

<sup>2</sup> Eklund og Knutsen (1988)

<sup>3</sup> Eklund og Knutsen (1988)

### 3.9 Jordbruksfrådraget

Personar som driv næringsverksemd innafor jordbruk og tilgrensande næringar, har rett på eit særskilt jordbruksfrådrag i allmenn inntekt. For 2009 var maksimalt jordbruksfrådrag kr 142 000 per driftseining. For å kunne nytte dette frådraget fullt ut, måtte dei ha ei næringsinntekt på minst kr 328 600. Budsjettnemnda for jordbruket (BFJ) kalkulerer inntektsverknaden av fullt jordbruksfrådrag ved 33 prosent marginals-katt til kr 59 300 per driftseining dersom ein har fullt jordbruksfrådrag. Beløpet kjem fram ved å finne maksimal skattelette (28 % av kr 142 000) som er kr 39 760. Maksimal inntektsverknad av jordbruksfrådraget vert kr 39 760 delt på 0,67 som er kr 59 343. Har eit bruk til dømes 2 årsverk, vert inntektsverknaden per årsverk kr 29 673. Ingen av resultatmåla som er presenterte i dette notatet, inkluderer inntektsverknad av jordbruksfrådraget. Det betyr at prosjektbruka i utvalet har i ulik grad inntektsverknad av jordbruksfrådraget i tillegg til dei presenterte resultatmåla. I snitt utgjorde middels jordbruksfrådrag for gruppa Hordaland kr 179 800 per produsent. Grunnen til at frådraget er høgare enn maksimalbeløpet, er at samdriftene oppnår fleire jordbruksfrådrag i og med at dette vert utrekna per bruk. Inntektsverknaden frå jordbruksfrådraget er utrekna til kr 28 500 per årsvek i middel for dei ni produsentane i Hordaland. Dette er noko høgare enn for andre mjølkeprodusentar på Vestlandet i 2009 (kr 25 700 per årsverk ifølgje driftsgranskingar i jord- og skogbruk).

Jordbruksfrådraget vert gjeve til kvart enkelt bruk. Ektefeller kan dele frådraget. For samdrifter kan det bli gitt like mange jordbruksfrådrag som det er deltakarar. For enkeltbruk vil det vere høve til eitt jordbruksfrådrag. På utbyggingsbruk vil det ofte vere vanskeleg å få nytte av frådraget fullt ut i perioden etter utbygging. Store kostnader gjer at det kan vere problem med å oppnå ei næringsinntekt som er høg nok til å oppnå fullt jordbruksfrådrag.

Blant gruppene i utvalet for dette prosjektet, kjem samdriftene best ut med kr 33 800 per årsverk rekna etter metoden skissert ovanfor. Svakast ut kjem enkeltprodusentane med kr 20 900 per årsverk. Grunnen er at det berre er eitt frådrag per driftseining, og i tillegg mange arbeidstimar i drifta.

## 4 Driftsplan og budsjett i høve til resultat


### 4.1 Samanlikning av investeringsbudsjett med faktisk investering

Samtlege av dei 9 mjølkeprodusentane som er med i undersøkinga, har investert i ny driftsbygning for mjølkeproduksjon i perioden 2006 til 2008. For to av produsentane mangla informasjon i driftsplan eller driftsplan var ikkje tilgjengeleg. Investert beløp for dei sju med data frå, varierer frå 3,1 mill. til 7,5 mill. kr med eit snitt på 4,4 mill. kr. Kostnadsoverslag for utbygginga er henta frå driftsplan for utbygginga sendt ved søknad om investeringsstøtte til Innovasjon Noreg. Faktisk utbyggingskostnad er basert på intervju med utbyggjarane i tillegg til at det var tilgang til fullstendig byggjerekneskap for nokre av produsentane.

I gjennomsnitt for dei sju produsentane ligg investert beløp 24 prosent over kostnadsoverslag i driftsplanane. Det er stor spreiding i resultatet, og standardavvik for dei sju mjølkeprodusentane er vel 800 000 kr. For nokre av produsentane er avviket mellom driftsplan og faktisk investering svært stort. Her er planane endra mykje frå driftsplan til faktisk investering.

### 4.2 Årsak til avvik frå investeringsbudsjett

Samtlege av dei 7 produsentane hadde ein utbyggingskostnad over budsjettet i driftsplan. Overskridinga var mellom 3 prosent og 71 prosent. Det kan i nokre tilfelle skuldast ufullstendige budsjett. Nokre av respondentane rapporterte om det. Andre årsaker er at utbyggjar har avvike frå plan under utbygging, og ein produsent rapporterer om underkalkulert betongarbeid i investeringsbudsjettet. Samanlikna med undersøkinga i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, er overskridinga mykje høgare i Hordaland. Ei årsak kan vere stor auke i byggjekostnader i perioden, og at produsentane i Hordaland hadde investert på eit seinare tidspunkt i middel.



Figur 4.1 Kostnad til investering samanlikna med planlagt budsjett for sju av mjølkeprodusentane i undersøkinga

### 4.3 Analyse av driftsplanar i forhold til resultat

Som bakgrunn for denne samanlikninga, har vi nytta driftsplan som var utarbeidd i samband med utbygging av ny driftsbygning, og samanlikna prognose for ulike resultatmål for 2009 med faktiske resultat for 2009 frå driftsrekneskapen for dei 9 mjølkeprodusentane. Vi møtte på ein del metodiske utfordringar i denne samanlikninga. Nokre av driftsplanane var laga for eitt av bruka som stod for utbygginga, medan vi hadde resultat for samdrifta inkludert dei aktive partnarane. Andre planar var laga for berre selskapet medan nokre var utarbeidde for både selskapet og partnarane tilnærma slik vi har brukt det i vår definisjon av samdrift.

For å harmonisere data mellom driftsplan og rekneskapsresultat for 2009, er det derfor nytta ulike delar av driftsrekneskapen for 2009 til samanlikninga. Der det eine bruket stod for utbygging og hadde driftsplan, nytta vi rekneskapen frå dette bruket med nødvendig modifisering av nokre variablar. Det same vart gjort der driftsplanen var laga for berre selskapet. Dei presenterte resultatata frå driftsplan og driftsrekneskap for 2009 skulle såleis vere samanliknbare.

Driftsplanane var av ulik kvalitet, innhald og detaljgrad. For nokre av planane fanst ikkje alle data vi har samanlikna med. Tal observasjonar varierer derfor mellom 4 og 7 for dei ulike samanlikningsparametrane.

Ei av årsakene til at det kan vere avvik, er at planane ikkje er inflasjonsjusterte. For dei eldste planane i denne undersøkinga vil det gje utslag på parameter som er oppgitt i nominelle kroner.

#### 4.3.1 Produksjon

Eit viktig spørsmål i denne undersøkinga er om ein har dei planlagde ressursane tilgjengelege og nådd dei produksjonsmåla ein hadde før utbygginga. Vi har her valt å sjå på jordbruksareal i alt, mjølkekvote og tal årskyr. Jordbruksarealet er i snitt 5 prosent mindre i 2009 enn prognosen for 2009 var i driftsplanen. Dette gjeld for fem av dei ni produsentane der desse opplysningane var tilgjengelege. Mykje av arealet er leigeareal, og det er ofte kortsiktige avtalar om leige. Mangel på areal kan vere årsak til at produsentane faktisk har lågare areal enn planlagt i driftsplan i 2009.


Mjølkekvota er mykje større enn planlagt. Registrert kvote i 2009 er i snitt 52 prosent høgare enn planlagt i driftsplan. Snittkvota for 2009 var planlagt til 208 800 liter medan registrert kvote var 317 700 liter for dei 5 produsentane det fanst kvotedata på i driftsplan. Ingen produsentar hadde mindre kvote enn planlagt. Ein produsent hadde meir enn dobbelt så stor kvote i 2009 i høve til det som var planlagt. Det er verd å merkje seg at tal årskyr er berre 20 prosent høgare enn i driftsplan. Dette kan tyde på at ytinga er høgare enn planlagt og/eller at ein ikkje har klart å byggje opp buskapan.

Tabell 4.1. Produksjonsomfang for 5 produsentar for 2009 samanlikna med produksjonsomfang i driftsplan for 2009

	<b>Driftsplan 2009</b>	<b>Rekneskap 2009</b>	<b>Avvik</b>	<b>Standard- avvik</b>	<b>Avvik prosent</b>
Jordbruksareal, dekar	528	502	-25	192	-5 %
Mjølkekvote, liter	208 800	317 688	108 888	82 155	52 %
Årskyr	33,8	40,6	6,8	11,1	20 %


### 4.3.2 Produksjonsinntekter og -kostnader

Gjennomsnittlig produksjonsinntekt i driftsplanane for fire av dei ni bruka i utvalet, var 1,78 mill. kroner. Faktisk produksjonsinntekt i 2009 var i snitt 2,57 mill. kroner. Produksjonsinntektene var 44 prosent større enn planlagt i middel for dei fire produsentane som hadde produksjonsinntekter i driftsplan. Som figuren viser, hadde alle produsentane høgare produksjonsinntekter enn planlagt. Dette er også venta i og med at produksjonen er mykje høgare enn i driftsplan.



Figur 4.2. Produksjonsinntekter for 2009 samanlikna med budsjetterte produksjonsinntekter i driftsplan for 2009

På kostnadssida er det også store avvik mellom budsjett og resultat for 2009. Dette gjeld særleg for faste kostnader. Medan dei variable kostnadene var 53 prosent høgare enn budsjettert, var dei faste kostnadene meir enn dobbelt så høge som planlagt (150 %). Det var ingen av produsentane som hadde lågare kostnader enn budsjettert verken av faste eller variable.



Figur 4.3. Faste kostnader i 2009 for dei 5 produsentane samanlikna med prognose for faste kostnader i driftsplan

### 4.3.3 Resultat

Eit viktig spørsmål i denne undersøkinga var: Er driftsresultatet frå rekneskapen for 2008 i tråd med budsjettert resultat frå driftsplanen?


Tabell 4.2 Ulike resultatmål frå rekneskap 2009 samanlikna med resultatmål frå driftsplan

	Driftsplan 2009	Rekneskap 2009	Avvik	Standard avvik	Avvik prosent
Dekningsbidrag inkl. tilskot	976 638	1 545 984	566 345	593 310	58 %
Resultat før avskrivning	674 699	887 520	212 821	356 451	32 %
Driftsoverskot, jordbruk	507 226	597 916	90 690	277 605	18 %

Tabell 4.2 viser tre ulike resultatmål frå driftsrekneskapen samanlikna med driftsplan for 2009. I tillegg er det vist avvik og standardavvik i kroner og avvik i prosent. Vi ser at standardavvik for dekningsbidrag inklusiv tilskot er kr 593 310 eller 60 prosent.

Ein av produsentane hadde lågare dekningsbidrag enn budsjettert i driftsplanen, medan dei fire andre hadde betre resultat enn planlagt. Vi ser også at avviket i prosent minkar for resultatmåla etter kvart som fleire kostnader vert trekte frå. Driftsoverskotet, som skal dekke godtgjering til arbeid og kapital, ligg 18 prosent over budsjett, men standardavviket er høgt. Det inneber at det er store avvik i høve til plan sjølv om gjennomsnittet ikkje er så langt unna budsjettet. To av dei seks produsentane vi har data frå, oppnådde lågare driftsoverskot enn budsjettert i driftsplan for 2009.





Figur 4.4. Driftsoverskot i rekneskap for 2009 samanlikna med driftsoverskot i driftsplan for seks av produsentane i undersøkinga

#### 4.4 Årsak til avvik mellom resultat og driftsplan

Det er fleire årsaker til at det er mange og til dels store avvik mellom driftsplan og oppnådd driftsresultat for 2009. Den viktigaste årsaka er produksjonsomfanget. Samtlege deltakarar i undersøkinga hadde større mjølkekvote i 2009 enn det som det var planlagt for før utbygginga. Utvidinga av mjølkekvote har skjedd på ulike måtar. Oppkjøp av kvote har skjedd både gjennom statleg og privat omsetning. Lett tilgang på mjølkekvote i regionen, og rimeleg pris på mjølkekvote, kan vere ei årsak til auke i produksjonsomfang. Vi ser at avvik i areal er vesentleg mindre enn auke i mjølkekvote. Det kan sjå ut til at dei som laga driftsplanen, har vore for forsiktige med omsyn til bygningskapasitet i forhold dei endringar som har funne stad i næringa og lokalmiljøet innan kort tid etter utbygging.

Når det gjeld produksjonsinntekter og variable kostnader, er plan stort sett i tråd med oppnådd resultat når ein justerer for auka produksjonsomfang. På grunn av at omfanget er større enn planlagt, er også inntektene tilsvarende større. Det er likevel stor spreiding i resultatata og høge standardavvik. For faste kostnader er det nesten utan unnatak mykje høgare tal i rekneskapen enn i driftsplanen. Det er fleire årsaker til dette. Noko kan skuldast metode. Det er svært vanskeleg å finne samanliknbare tal i plan og rekneskap for enkelte samdrifter. Som standard har vi har nytta data frå all drift hos partnarane og selskapet når vi vurderte samdriftene. Her kan det vere nokre sideproduksjonar som litt sauehald, som verkar inn. Det er likevel små summer i høve til hovudproduksjon. Er driftsplanen laga for berre selskapet eller ein av deltakarane i samdrifta, er det data frå denne delen av konsernrekneskapen som er nytta i samanlikninga.

Ei anna årsak til avviket er investeringar som er gjorde i etterkant av utbygging som ikkje var teke omsyn til i driftsplan. Det kan også sjå ut som om «andre faste kostnader» er lågt kalkulerte i driftsplanane. Det same gjeld både vedlikehald av bygningar og maskiner og avskrivningar. Avskrivningane er 73 prosent høgare i driftsrekneskapen enn i driftsplan. Årsak er at mange av driftsplanane ikkje har med tilleggsinvesteringar som er gjort i samband med utviding av produksjonen. I planen er det opplyst at avskrivning ofte er tilpassa den økonomiske situasjonen til den enkelte produsenten. I rekneskapen er det nytta standardsatsar og lineær avskrivning i tråd med driftsgranskingane.



## 5 Spørjeundersøking

Målet med spørjeundersøkinga var å finne svar på sider ved investeringa som ikkje kjem fram frå rekneskapstala; årsaker til investeringa, sosiale forhold, subjektive vurderingar av eigen økonomi og investeringa i seg sjølv. Spørjeundersøkinga vart gjennomført i samanheng med ei besøksrunde for dei ulike deltakarane i juni i 2011. Samdriftene leverte berre eit svar per samdrift, slik at det er totalt 10 respondentar i spørjeundersøkinga. Ein må også hugse på at rekneskapstala er baserte på tal frå 2009, medan spørjeundersøkinga vart gjennomført i juni 2011, og at visse forhold kan ha endra seg i denne tidsperioden.

### 5.1 Utbygging


Spørjeundersøkinga ønskjer å seie noko om bakgrunnen for investeringa, og om kva for årsaker som var avgjerande for investeringa. Investeringane blei gjennomførde i tidsperioden frå 2006 til 2008.

Ein kan sjå av figur 5.1 at 5 respondentar valde *Behov for fornying av driftsbygningar og utstyr* som hovudårsaka til investeringa, medan 4 respondentar valde *Effektivisering av arbeidsforbruket* som hovudårsak. Ein respondent synest det var viktigast å gjere bruket meir attraktivt å overta for neste generasjon.



Figur 5.1 Hovudårsaka til investeringa

Det var noko meir variasjon i andre årsaker til investeringa. Her kunne bruka krysse av for fleire enn ei årsak. 6 respondentar valde *Meir fritid*, medan fem valde *Betre og meir moderne bygningsmasse*. To valde *Meir tid til arbeid på garden/samdrifta* og *Høgare inntekter på garden/samdrifta*.




Figur 5.2 Andre årsaker til investeringa

## 5.2 Produksjon

Neste punkt i spørjeundersøkinga var ein del påstandar om produksjon som brukarane skulle skalere frå ein til seks. Éin betyr heilt ueinig medan seks betyr heilt einig. I figurane vert gjennomsnittet og standardavviket til heile utvalet presenterte, og skalaen på y-aksen startar på null for å få med eventuelle standardavvik under éin. Gjennomsnitta i denne undersøkinga kan maksimalt vere seks og minimum vere éin, og ein må ta omsyn til dette når ein tyder figurane.

I figur 5.3 ser vi at produsentane rapporterer at arbeidsforbruket har blitt høgare, men at denne påstanden har eit standardavvik i underkant av to slik at det er stor variasjon blant produsentane. Stor variasjon er det også på svara på påstanden om mjølka har fått betre kvalitet. Hovudårsaka til variasjon her er at dei fleste respondentane rapporterte om god kvalitet (elitemjolk) både før og etter utbygginga. Vi kan sjå at produsentane hadde ein del uføresette problem i startfasen etter investeringa, og at dyrehelsa er blitt betre for dei aller fleste bruka etter investeringa. Bruka svarer at dei er relativt godt nøgde med oppfølginga frå Innovasjon Noreg og Tine, medan det er lågare skår for entreprenørar og utstyrsleverandørar. Mjølkeproduksjonen samsvarer ikkje med dei måla som blei sette før investeringa, ifølgje respondentane, og dei aller fleste rapporterte også om langt høgare produksjon enn planlagt.



Figur 5.3 Produksjon. Gjennomsnitt skår på spørsmål om produksjon der 1 er heilt usamd og 6 er heilt samd


I spørsmålet om produsentane var nøgde med entreprenørarar og utstyrsleverandørar, var det ein del misnøye som kom fram. Det var for lang leveringstid, skuffa over kvalitet på fôrutleggjarar, dåleg kvalitet på gummimatter, problem med ventilasjonsanlegg, treg oppfølging på reklamasjonar med meir. Andre hadde gode erfaringar, og hadde hatt få problem i innkjøringa.

Nokre av respondentane var også misnøgde med rådgjevarane. Det vart hevda at kompetansen var for låg, og at planane før utbygginga ikkje var gode nok.

### 5.3 Økonomi

Vidare i spørjeundersøkinga vart bruka konfrontert med ein del påstandar vedrørande økonomien på bruka. Den første delen er tre påstandar som bruka skulle svare ja eller nei på.


Vi ser ut av figurane nedanfor at 5 av 10 meiner at dei økonomiske resultata har blitt betra etter investeringa. I dette notatet viser ein berre tal frå 2009, så det er vanskeleg å sjekke denne påstanden opp i mot faktisk betring frå tidlegare år. Ein kan også sjå at 6 av 10 fekk fleire tilbod på jobben rundt utbygginga, medan 7 av 10 meiner at ei halvering av landbruksstøtta vil medføre slutten på drifta deira.



Figur 5.4 Økonomi, del 1

Den andre delen om økonomi er fem påstandar som produsentane skulle skalere frå ein til seks. Ein betyr heilt usamd, og seks betyr heilt samd. Både gjennomsnitta og standardavvika til alle dei 10 bruka for dei fem påstandane vert presenterte.

Påstanden *Utbyggingskostnadene var i tråd med investeringsbudsjettet* har eit gjennomsnitt på 4,0 og eit standardavvik på 1,8, og ein kan vanskeleg konkludere den eine eller den andre vegen. Dette stemmer godt med dei faktiske tala som viser ein god del avvik mellom budsjett og utbyggingskostnad. Produsentane er også usikre om dei skal investere ytterlegare dei neste ti åra – noko ein ser ut i frå eit gjennomsnitt på 2,8 og eit standardavvik på 1,5. Respondentane er derimot meir klare på at det generelle inntrykket av økonomien i norsk landbruk er negativt. Det er også tvetydige resultat på påstanden om at økonomien på bruka er betre enn andre delar av økonomien i norsk landbruk. Dette er ein generell påstand som kanskje er vanskeleg å konkludere den eine eller andre vegen. Resultata frå rekneskapen viser at nokre av produsentane ligg over snittet for norsk landbruk, medan andre ligg langt under. Produsentane er derimot meir samde i påstanden om at økonomien i norsk landbruk er svakare enn for dei fleste andre yrkesgrupper i samfunnet.




Figur 5.5 Økonomi, del 2

## 5.4 Sosiokulturelle faktorar

Den siste delen av spørjeundersøkinga tar for seg sosiokulturelle faktorar og forhold vedrørende investeringa. Igjen fekk produsentane påstandar som dei skulle skalere frå ein til seks.

Respondentane er jamt over svært positive i denne delen av spørjeundersøkinga. Dei rapporterte at dei er meir nøgde med kvardagen etter investeringa, alle med unntak av ein angrar ikkje på investeringa, dei er nøgde med dei fysiske arbeidsforholda på garden/samdriфта etter investeringa, garden er blitt ein sikrare arbeidsplass og dei er meir nøgde med driфта av garden/samdriфта etter investeringa. Produsentane er derimot usamde i påstanden om at dei har fått meir fritid etter investeringa, og at dei har jobba meir utanfor garden/samdriфта etter investeringa. Produsentane ser optimistisk på framtida og dei trur at dei driv garden/samdriфта på same måte om fem år. Ein må sei at dei sosiale forholda er betra etter investeringa for bruka i denne undersøkinga, og ein del påstandar i denne delen må seiast å vere svært essensielle i forhold til om bruka føler investeringa var vellykka.

Figur 5.7 viser ein del generelle kommentarar rundt investeringa. Her fekk respondentane høve til å supplere spørjeundersøkinga med andre merknader.



Figur 5.6 Sosiokulturelle faktorar

## Andre kommentarar til utbygginga

Større produksjon krev meir tid og innsats på garden. Det krev at ein er meir til stades.  
Mest positivt.

Litt for store investeringar i forhold til inntening.

Meir fleksibel arbeidstid. Det er fint å vere to om arbeidet , men personlege relasjonar er viktige.

Ansvarsfordeling av arbeid er vanskelegare enn ein trudde.

Fekk ikkje fleire tilbod pga. nøkkelferdig konsept.

Økonomien i landbruket burde vore betre slik at produsentar kunne investert i bygg/anlegg utan tilskot.

Planla å omsetje for 900 000 kr etter utbygging, men i dag er det 2 millionar.

Reknestykket stemde ikkje for utbygginga - svak rådgiving.

Svak økonomi i høve til plan.

*Figur 5.7      Generelle kommentarar*



## 6 Andre undersøkingar

---

### 6.1 Vurdering av økonomien på utbyggingsbruk i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal 2008

Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning utførte på oppdrag frå landbruksavdelingane hos fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal ei undersøking av økonomi og sosiale forhold blant mjølkeprodusentar som hadde hatt stor utbygging av produksjonen i dei to fylka i perioden 2002 til 2007. Resultata frå denne undersøkinga er brukt som referanse i undersøkinga som er gjort i Hordaland.

Det vart samla inn rekneskapar for 2008 for i alt 19 produsentar, 11 i Møre og Romsdal og 8 i Sogn og Fjordane. Det var med i alt 13 samdrifter og 6 enkeltbruk. For samdrifter vart det samla inn rekneskap frå selskapet og dei aktive deltakarane. Utvalet vart gjort av Innovasjon Noreg i dei to fylka i samråd med landbruksavdelingane. I utvalet var det også med 5 robotfjøs, 4 i Sogn og Fjordane og 1 i Møre og Romsdal. I tillegg vart dei 19 produsentane intervjuet med tanke på vurdering av eigen situasjon etter satsinga.

Resultatet frå rekneskapsanalysen viste at det var stor spreiding i resultatet mellom dei ulike produsentane. Prosjektdeltakarane oppnådde eit snitt på kr 204 000 per årsverk i vederlag til alt arbeid og eigenkapital. Dette var kr 22 000 meir enn referansegruppa (Mjølkebruk på Vestlandet, driftsgranskingane). Best resultat fann vi blant utvalsbruka frå Sogn og Fjordane med vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk på kr 238 000. Gruppa med robotfjøs hadde svakast resultat uavhengig av resultatmål. Ingen av deltakarbruka kunne karakteriserast som bruk med økonomiske vanskar. Soliditet og likviditet var god for alle deltakarane i prosjektet sjølv om det stor variasjon.

Ei viktig oppgåve i prosjektet var å undersøke om driftsplanane som var laga i samband med satsinga, var i tråd med faktiske resultat i forhold til investeringskostnad og driftsresultat. På grunn av ulik organisering av drifta var det vanskeleg å samanlikne driftsplan og rekneskap. Etter ein grundig gjennomgang av ulike delar av rekneskapen for 2008, fann vi at gjennomsnittleg investering var om lag 5 prosent større enn budsjettet. Det var store avvik begge vegar, slik at standardavviket var høgt. Årsak til budsjettsprekke var underkalkulering av delar av utbygginga. Lågare kostnader skuldast i hovudsak auka eigeninnsats. Produksjonsomfanget i 2008 var mykje høgare enn planlagt. Mjølkeproduksjonen var 40 prosent høgare enn i driftsplanen. Driftsoverskotet var i snitt 4 prosent høgare i rekneskap enn i driftsplan. Her var det også store avvik begge vegar. På inntektssida bidrog auka produksjon positivt. På kostnadssida var det avvik på faste kostnader, avskrivningar og renter.

Kvar utbygger svarte også på eit spørjeskjema der han skulle vurdere produksjon, økonomi og sosiokulturelle faktorar. Respondentane var godt nøgde med produksjonen etter utbygginga. Ingen hadde hatt store innkjøringsvanskar, og dei var komne raskt i produksjon. Kvalitet på mjølk var god både før og etter utbygging, det same gjaldt for dyrehelse. Respondentane var ikkje nøgde med økonomien etter utbygging. Dei var klare på at dei hadde svak økonomi samanlikna med andre yrkesgrupper. Ingen av dei spurde angra på utbygginga. Dei treivst godt i kvardagen og såg positivt på framtida, og mange hadde planar om ytterlegare utbygging.

Undersøkinga viste at det var mogleg å bygge ut mjølkeproduksjonen i den grad som var føreteke under dei rammevilkåra som gjaldt i den aktuelle perioden. Det øko-

nomiske resultatet var på nivå med andre mjølkeprodusentar i regionen. Utbyggjarane er svært utsette for endringar i rammevilkår, som til dømes renteendringar.

## 6.2 Vurdering av økonomi på utbyggingsbruk i mjølkeproduksjon i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane 2009

Undersøkinga var ei vidareføring av prosjektet *Vurdering av økonomi på utbyggingsbruk i mjølkeproduksjon i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane 2008*.<sup>4</sup> Den utvida undersøkinga tar for seg rekneskapsåret 2009, og samanliknar 2009-tala med tala frå 2008. Analysen omfattar ei prosjektgruppe med 18 bruk som hadde stor utbygging i 2002–2007 og ei referansegruppe som er dei 57 mjølkebruka som var med i driftsgranskingane frå dei to fylka i 2008 og 2009. Rekneskapsen for prosjektgruppa vart gjort opp etter same prinsipp som i driftsgranskingane.<sup>3</sup>

Prosjektbruka viste varierende økonomiske resultat i 2008. Lønsevna per time var låg i 2008 – berre kr 68 per time – for prosjektbruka. Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk i 2008 var kr 204 700. 2008 var eit vanskeleg år for prosjektbruka. Rentenivået var relativt høgt. Bruka opplevde også ein ny kvardag med større produksjon og nye rutinar. Begge desse elementa var med å dra ned dei økonomiske resultatane i 2008 for prosjektbruka. Referansegruppa hadde høgare driftsoverskot i jordbruket og lønsevne per time i 2008 enn prosjektbruka – referansegruppa hadde bl.a. kr 76 per time i lønsevne i 2008.

2009 vart eit betre år for prosjektbruka. Rentenivået fall mykje frå slutten av 2008, og var lågt i heile 2009. Lønsevna per time auka frå kr 68 til kr 130 per time for prosjektbruka, medan vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk auka frå kr 204 700 til kr 269 800. Dersom ein justerte 2009-tala for det låge Rentenivået, kom prosjektbruka framleis ut med ei god utvikling i lønsevne per time. Dersom til dømes Rentenivået var uendra frå 2008 til 2009, ville prosjektbruka likevel hatt ein auke i kalkulert lønsevne per time frå kr 68 i 2008 til kr 88 i 2009. Dette er ein prosentvis auke på 29,4 prosent. Referansegruppa ville hatt ei utvikling i lønsevne per time frå kr 76 i 2008 til kr 81 i 2009, ein auke på 7 prosent. Prosjektbruka hadde ei betre utvikling i lønsemda frå 2008 til 2009 enn referansegruppa sjølv om ein ser bort frå fall i Rentenivået. Produksjonsomfanget hadde auka både med tanke på mjølk og kjøt, og lønsemda betra vesentleg frå 2008 til 2009. Dette tyder på at ein vente betre resultat når ein har hatt eitt år ekstra med produksjon etter utbygging.

## 6.3 «Lykkelig som stor?» - samdriftsundersøking i Namdalen

«Lykkelig som stor?» er eit samarbeidsprosjekt mellom landbruksavdelinga hos Fylkesmannen i Nord-Trøndelag, Nord-Trøndelag fylkeskommune, Innovasjon Noreg, Sparebank1 Midt-Norge, Trøndelag forsøksring og Landbrukets Fagsenter Namdal, der Landbrukets Fagsenter har hatt prosjektleiinga. I alt er 16 store mjølkesamdrifter med kvote større enn 500 tonn undersøkte i forhold til økonomi (rekneskapsanalyse) og sosio-kulturelle aspekt. I skrivande stund er ikkje rapporten ferdig, så framstillinga her bygger på ei samanstilling frå Fylkesmannen i Nord-Trøndelag (2010).

---

<sup>4</sup> Haukås og Solberg (2010)

<sup>3</sup> NILF (2010)

### 6.3.1 Økonomi

Mjølkeproduksjon er ei kapitalintensiv driftsform. Ved bygging av ein moderne driftsbygning kan samla investeringar i driftsbygning, maskiner for hausting og transport av fôr og gjødsel, samt buskap nå opp i 12–15 mill. kr etter dagens prisnivå, det vil seie 3–5 mill. kr per årsverk.

Tidlegare har BU-tilskot bidrege med ein vesentleg del av finansieringa av driftsbygningar, men BU-tilskotet har eit maksbeløp på kr 500 000. Av ein byggjekostnad på 10 mill. kr utgjer no BU-tilskotet berre 5 prosent årleg og drift av areal på 700–1 000 dekar krev heilt andre mekaniseringsløyningar enn det tradisjonelle familiebruket med 100–150 tonn mjølkekvote. Maskininvesteringane, eventuelt kostnad til leige av maskinentreprenørar, vil derfor ofte komme på toppen etter at den nye driftsbygningen er ferdig. Erfaringane i samdriftene viser at sjølve byggjeprosjektet og kostnadene med dette er relativt godt planlagt og budsjettert, men det er i alt for liten grad tatt høgde for kostnader i samband med maskininvesteringar eller leige av maskiner som kjem som ei følgje av utbygginga.

Gjennomsnittskvota på samdriftene i prosjektet er på 434 tonn mjølkekvote, og varierende grad av kjøtproduksjon. Dette tilsvarer eit arbeidsforbruk på 3–4 årsverk. Gjennomsnittleg resultat før avskrivning i samdriftene er vel 1,2 mill. kr, eller om lag kr 3 per liter mjølkekvote. Dette skal dekke både renter og avdrag på lån i tillegg til godtgjering for arbeidet i samdrifta.

Rekneskapsanalysane viser at økonomien i samdriftene varierer mykje av ulike årsaker:

- Stor variasjon i gjeldsnivå på grunn av tidspunkt for utbygging. Nokre har bygd relativt rimeleg for 10 år sidan og med enklare mekaniseringsløyningar enn dei nyaste fjøsa (mjølkestall – mjølkerobot)
- Den første perioden etter innflytting i nytt fjøs har medført til dels store driftsproblem i nokre samdrifter. Det kan vere problem med å få kyrne til å tilpasse seg, problem med drift av mjølkerobot og fôringsanlegg, og utfordringar med å lære seg korleis mjølkeproduksjon i så stor skala skal driftast for å oppnå optimalt resultat. Økonomien i denne perioden vert derfor opplevd som spesielt utfordrande.
- Effektiviteten varierer mykje også når samdriftene har komme seg i ordinær drift. Mjølkeproduksjon er ein komplisert biologisk produksjon med en mange innsatsfaktorar som må optimaliserast for å oppnå best mogeleg økonomisk resultat. Dette krev kunnskap, gode driftsrutinar og godt samspel mellom alle som er aktive i produksjonen.
- Faste kostnader som maskinkostnader og leigekostnader varierer mykje etter kor stort investeringsbehovet har vore, og kor stor tilgangen på arbeidskraft er i samdrifta.

### 6.3.2 Sosiokulturelle aspekt

Undersøkinga i Namdalen tek føre seg kor lykkelege samdriftsdeltakarane er og om korleis dei trivest. Det å vere lykkeleg og trivast er basert på om forventningane til dei vala ein har gjort, vert innfridde eller ikkje. Dette gjeld også for dei enkeltpersonane og familiane som har valt å gå inn i samdrift. Derfor er det vanskeleg å gje eitt eintydig svar på om ein vert lykkelegare av å vere med i samdrift. For nokon har samdrift vore eit lykkeleg val, medan det for andre ikkje har fungert fullt så bra.

På ein skala frå 1–5, der 1 er best og 5 er dårlegast, er den gjennomsnittlege verdien av å vere tilfreds i samdrift 2,2. Dette viser at mange er relativt nøgde. På same skalaen viser eit gjennomsnitt på 1,8 for kor tilfredse samdriftene er med driftsrutinane. På spørsmål om leiing av samdriftene er svaret 1,9, med kommunikasjon 2,2 og for høve til å utvikle seg internt innan samdrifta er svaret 2,3. Kunnskap om mjølkeproduksjon er vurdert til 2,0, medan kjensla av å vere sjølvstendig gardbrukar gjev svakare skår med 3,3.

Nesten alle deltakarar som vart intervjuja, viser at dei er svært tilfredse med ordna arbeidstid og høve til ferie og fritid. Høve til å delta på ettermiddagsaktivitetar for barn eller seg sjølv synest å vere viktig for mange. Dette vert framheva som dei største fordelane med samdrift. På den andre sida er forventningane til inntektsnivå i mjølkeproduksjonen langt frå oppfylte. Det er jamt over sterk misnøye med økonomien i samdrifta, men sterkast for dei som nylegast har starta opp. Dei opplever høgt gjeldsnivå og driftsproblem i oppstartfasen. Ein ser også at arbeidsbehovet i samdriftene har vore større enn venta. Mjølkeproduksjon er ein krevjande produksjon, og godt samspel og gode drifts-rutinar er viktig. For å oppnå dette må samdriftsdeltakarane skape eit godt produksjons-team. Dette krev god struktur, leiing og vekt på kommunikasjon. Tidligare har dei fleste bøndene som vart intervjuja, jobba åleine på eigen gard. Det krev ei stor omstilling å gå frå å vere «herre i eige hus» til å samarbeide så tett som ein gjer i ei samdrift.

Mange av samdriftene har utfordringar når det gjeld kommunikasjon og samarbeid i større eller mindre grad. Prosjektet viser at ein del samdrifter ikkje har hatt nok vektlegging på leiing, gode rutinar og arenaer for konflikthandtering. Over tid kan dette føre til store utfordringar for fellesskapet. I prosjektet har vart det spurt om korleis samdriftsdeltakarane ser på framtida som mjølkeprodusent, og ein stor del av desse er usikre på framtida på grunn av dårlig økonomi. Dette vert sett på som alarmerande.

### 6.3.3 Investeringar på driftsgranskingsbruk

Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning utførte ei spesialgransking i 2010 som tok for seg 19 bruk som investerte meir enn kr 500 000 i 2006. Bruka i undersøkinga er frå heile Noreg, men undersøkinga er ikkje nødvendigvis representativ for norsk landbruk. Driftsformene til bruka var spesialisert mjølkeproduksjon, spesialisert svinproduksjon eller ein kombinasjon av mjølke- og svinproduksjon. Investeringane var i stor grad av nyanlegg i driftsbygningar og i fast teknisk utstyr.

Spesialgranskinga presenterte tal frå 2005 til 2008 for å følgje den økonomiske utviklinga før, under og etter investeringa for bruka som investerte, men den presenterte også tal frå ei referansegruppe som bestod av 38 liknande bruk som ikkje investerte i 2006.

Bruka som investerte i 2006, hadde ei positiv utvikling i diverse resultatmål, men referansegruppa eller bruka som ikkje investerte, hadde ei minst like positiv utvikling for dei same resultatmåla. Produksjonsinntektene auka med 64 prosent og 28 prosent for høvesvis bruk med og utan investering, medan driftsoverskotet i jordbruket auka med 52 prosent og 43 prosent for hhv. bruk med og utan investeringar. Eit mykje brukt resultatmål i jordbruket er vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk, og denne storleiken hadde auka med 22 prosent og 36 prosent for høvesvis bruk med og utan investeringar. Dette seier oss at inntektene auka meir hos bruk som investerte, men at kostnader som renteutgifter, avskrivningar, variable kostnader og faste kostnader også auka meir hos bruka som investerte. I tillegg kjem det fram at resultatmål som inkluderer alle kostnadene, viser betre resultatmål hos bruka som ikkje investerte. Det er likevel ein del teikn på at bruka som investerte, vil ha ei meir positiv utvikling i åra etter 2008. Dei viser blant anna ein betre trend frå 2007 til 2008 enn bruka som ikkje investerte for dei fleste resultatmåla. Åra etter 2008 har hatt lågare rentenivå enn 2005-2008, og det er ein viktig faktor for bruk som investerer og resultatmåla deira.

## 6.4 Eldre undersøkingar på utbyggingsbruk

I ei undersøking blant utbyggingsbruk med økonomiske problem (Nergaard, 1988) vart det kartlagt kva type utbyggingsbruk som fekk økonomiske problem og kva som var årsakene til problema. Bruka hadde hatt større utbygging i åra 1978–1982 finansiert gjennom Statens landbruksbank. To grupper med utbyggingsbruk vart undersøkte, ei gruppe som hadde hatt refinansiering og ei som ikkje hadde hatt.

I undersøkinga vart det påpeika at endringar i rammevilkåra var ei viktig årsak til problema. Ein kraftig auke i realrente kombinert med overproduksjon i jordbruket. Overproduksjonen medførte kostbare marknadsreguleringsiltak. I tillegg vart det innført kvoteordning for mjølk. Fellestrekk for bruka som vart refinansierte, var at dei hadde eit svakare ressursgrunnlag før utbygging, det vil seie mindre areal og produksjonsgrunnlag i form av buskap i tillegg til høgare gjeldsdel. Det var også i stor grad yngre brukarar i gruppa blant dei som refinansierte. Utbyggjarane oppnådde 90 prosent av planlagt avling, 95 prosent av planlagt avdrått. Årsaka var driftsproblem i startfasen. Berre 50 prosent av dei som hadde refinansiering, oppnådde planlagt driftsresultat frå driftsplan. Mange av bruka hadde også bygt ut større enn det som var planlagt. Utbyggingskostnad var overskriden i høve til budsjett blant 62 prosent av bruka som hadde refinansiert. I tillegg hadde dei investert i andre ting enn det som var planlagt, med andre ord ikkje følgd driftsplanen.

Privatforbruket var planlagt for lågt i driftsplanane for 41 prosent av bruka med økonomiske problem. Dette var ei av årsakene til dei økonomiske vanskane. For å unngå liknande problem framover, vart det påpeika at ein ikkje må planlegge for stort i forhold til ressursgrunnlag og innteningsevne. Det er også viktig for utbyggjar å følge driftsplan og ikkje føreta unødvendige investeringar.

NILF utarbeidde på oppdrag frå Statens landbruksbank modellar for utbyggingsbruk frå 1978 til 1987 på grunnlag av innsamla rekneskapsmateriale. Bak modellane låg det 15–20 typebruk. Formålet var å vise den økonomiske situasjonen på utbyggingsbruk over tid. I ein NILF-rapport basert på dette materialet (Robbestad, 1994) vert det sett på kor realistiske driftsplanane var, korleis investeringane samsvarer med budsjett, økonomisk utvikling og årsaker til økonomiske vanskar.

I undersøkinga kom det fram avvik frå driftsplanane med tanke på arbeidsforbruk. Arbeidsforbruket var høgare enn det som låg i planane. Det vart investert 10–30 prosent meir enn planlagt, spesielt i maskiner og reiskap. Driftsresultatet to år etter investering var lågare enn planlagt grunna lågare inntekter, og mellom fem og ti prosent av bruka hadde negativ lønsevne. Tredje året auka driftsoverskotet mykje. Totalt sett hadde bruka i modellen i middel tilfredsstillande betalingsevne over tid. Nokre av bruka hadde likevel svak utvikling. Årsaker til økonomiske problem var for lang utbyggingsperiode og høgare investeringar enn planlagt med påfølgjande høg gjeld. Problem med sjølv gardsdrifta var ikkje årsak til svak økonomi. Også i denne undersøkinga var endring i rammevilkår som auka realrente, kvoteavgrensing av produksjonen og generell svak utvikling av økonomien i landbruket medverkande årsaker til økonomiske problem på utbyggingsbruka.



# 7 Oppsummering og konklusjon

---

## 7.1 Punktvis oppsummering

### 7.1.1 Rekneskapsanalyse

- Snittareal per driftseining i utvalet for prosjektet er 555 dekar, meir enn dobbelt så stort som middelet i driftsgranskingane for mjølkeproduksjon på Vestlandet (275 dekar i 2009). Areal er likevel mindre enn for bruk med tilsvarende produksjonsomfang i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal (634 daa).
- Avlingsnivået for grovfôr i middel for prosjektbruka er 292 FEm. Dette er mykje lågare enn middelbruket for Vestlandet (383 FEm per daa) og for Nord-Vestlandet (444 FEm per dekar).
- Tal årskyr var i middel 44,9 i Hordaland. Variasjonen mellom produsentane var frå 21 til 61 årskyr.
- Innsett jordbrukskapital ligg rundt kr 167 000 per årsku i middel for Hordaland. Høggruppa låg på kr 149 000, medan låggruppa hadde kr 193 000. Gruppa for Nord-Vestlandet hadde kr 158 000.
- Tilgang på grovfôrareal per årsku er mindre i Hordaland enn i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane (12,4 mot 13,7 dekar per årsku).
- Mjølkeyting ligg på 8 000 kg per årsku. Høggruppa ligg på 8 600 medan låggruppa ligg på 7 500. I middel er det om lag same yting som Nord-Vestlandet.
- Kvotefylling låg på 90 prosent i Hordaland og 101 prosent i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.
- Arbeidsforbruket var i middel 108 timar per årsku for Hordaland. Varierer mykje mellom ulike grupper, mest etter produksjonsomfang. 143 timar per årsku for enkeltbruk. Noko lågare arbeidsforbruk enn Nord-Vestlandet (114 timar per årsku).
- Hordaland har lågare kostnader til gjødsel og konserveringsmiddel per årsku enn Nord-Vestlandet. Kan forklare noko av skilnad i avling og grovfôrkostnad.
- Hordaland har 20 prosent høgare kostnad til veterinær og medisin enn Nord-Vestlandet.
- Hordaland har kr 4 000 høgare variable kostnader per årsku, det mest skuldast større kostnader til grovfôrkjøp.
- Vedlikehald av driftsbygningar per årsku: Hordaland kr 1 900 og Nord-Vestlandet kr 1 100 per årsku. Skilnad kan skuldast kortare avstand til investeringstidspunkt. (Suppleringsbehov etter investering).
- Låggruppa hadde mykje høgare kostnader til vedlikehald maskiner enn høggruppa (kr 1 800 og kr 2 800).
- Høggruppa har kr 4 500 i kostnader til maskinleige og leasing per årsku medan låggruppa har kr 5 900.
- Administrasjonskostnader per årsku: Låggruppa høgast kostnader med kr 2 900 per årsku, høggruppa hadde kr 1 800.
- Samla faste kostnader per årsku: Låggruppa hadde kr 4 600 meir i faste kostnader per årsku enn høggruppa. Hordaland hadde kr 2 200 meir enn Nord-Vestlandet.
- Lønsevne per time: Høggruppa kr 155, låggruppa kr 23 per time. Hordaland oppnådde kr 93 og Nord-Vestlandet kr 130.

- Vederlag til alt arbeid og egenkapital per årsverk: Høggruppa kr 308 000, låggruppa kr 54 000, Hordaland kr 180 000 og Nord-Vestlandet kr 270 000.
- Renteutgifter per årsku: Høggruppa kr 4 100, låggruppa kr 6 000, Hordaland kr 5 600, Nord-Vestlandet kr 4 300.
- Betre resultat for dei som hadde eit produksjonsår ekstra.
- Egenkapitalprosent er 21 for høggruppa, 23 for låggruppa, 20 for Hordaland og 52 for Nord-Vestlandet.
- Langsiktig gjeld per årsku: Høggruppa kr 131 000, låggruppa kr 146 000, Hordaland kr 140 000 og Nord-Vestlandet kr 96 000.
- Likviditetsgrad 1: Høggruppa 1,4, låggruppa 0,8, Hordaland 1,1 og Nord-Vestlandet 3,7.
- Likviditetsgrad 3: Høggruppa 0,41, låggruppa 0,02, Hordaland 0,19 og Nord-Vestlandet 1,72.

### 7.1.2 Driftsplan og budsjett samanlikna med resultat

Mange av planane mangla opplysningar til denne samanlikninga, slik at tal observasjonar i denne delen av undersøkinga varierte frå 4 til 7 av i alt 9 produsentar

- Stor spreining i investert beløp, det varierer frå 3,1 til 6,3 mill. kroner.
- Gjennomsnittleg investert beløp ligg 24 prosent over investeringsbudsjett – alle produsentar over budsjettert beløp.
- Stor spreining i resultatet, budsjett på i middel 4,4 mill. kr og faktisk investering på 5,4 mill. kr og eit standardavvik på kr 840 000.
- Produksjonsomfang og ressursgrunnlag mykje høgare enn i driftsplan.
- Høgare produksjonsinntekter og –kostnader.
- Driftsoverskot 18 prosent høgare enn i driftsplan, stor variasjon også her.

### 7.1.3 Spørjeundersøking

- Hovudårsaka til investeringa var eit ønske om fornying av utstyr og bygningar og effektivisering av arbeidsforbruket hos dei fleste respondentane.
- Fleire rapporterer om problem med utstyr i startfasen og svak oppfølging av leverandørar.
- Høgare arbeidsforbruk i jordbruket etter investeringa i jordbruket.
- Respondentane føler seg utsette for politiske endringar og tilskotskutt.
- Respondentane meiner økonomien i norsk landbruk er svak og at deira eigen økonomi er svak i forhold til andre yrkesgrupper.
- Svært nøgde med kvardagen etter investeringa og den daglege drifta.
- Fått meir fritid trass meir arbeid i jordbruket.
- Dei fleste angrar ikkje på investeringa.

## 7.2 Konklusjon

Utvalet er relativt lite, og ein må ta omsyn til det når ein skal tolke resultatata. Rekneskapsundersøkinga viser at den økonomiske situasjonen på utbyggingsbruka i Hordaland i middel er svakare enn resultatet for tilsvarende gruppe i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Rentenivået i marknaden var relativt lågt i 2009, og påverka resultatata positivt. Prosjektbruka ser ut til å ha fått god effekt av jordbruksfrådraget. Undersøkinga



viser at det mogleg å byggje ut for mjølkeproduksjon i Hordaland i større målestokk under dei rammevilkåra som galdt i den undersøkte perioden sjølv om innteninga dei første åra ikkje er tilfredsstillande samanlikna med andre yrkesgrupper. Stadige endringar i rammevilkåra gjer det vanskeleg for produsentar som vurderer å bygge ut, å satse. Undersøkinga viser også at ein del produsentar har problem med innteninga i tida etter investering. Det er stor skilnad i resultatet mellom enkeltprodusentar som har tilsynelatande like rammevilkår og føresetnader.

Å vurdere driftsplan i høve til resultat viste seg å vere vanskeleg på grunn av kompleksiteten i organisering av samdrifter og dagens planleggingsverktøy. Ein saknar eit tilpassa verktøy som utvikla plan i høve til rekneskap slik at det var enkelt å etterprøve resultata. Rekneskapane var også av varierende kvalitet, og nokre av produsentane hadde truleg kunna betra resultatet ved å skaffa seg betre oversikt over drift og resultat. I delar av fylket er det ikkje tilgang på rekneskapsmiljø med eigna kompetanse. Ein god rekneskapsfører kunne vere god sparringpartner til utbyggjarane. Utbygginga er arbeidskrevjande, og det kan vere vanskeleg å ha full oversikt over økonomi og resultat i kvardagen.

Resultata spriker ein del frå det som var planlagt i driftsplanane. Hovudårsaka til avvik er meir kostbar utbygging enn planlagt i tillegg til kraftig auka produksjonsomfang. I middel var driftsresultatet noko betre enn det som var budsjettert i driftsplan, men det var stor variasjon mellom produsentane. Produksjonsinntekter og variable kostnader er stort sett i tråd med plan korrigert for auka volum. Problemet er dei faste kostnadene som er langt større enn i plan.

Spørjeundersøkinga viser at prosjektbruka er godt nøgde med kvardagen. Alle med unntak av ein, angrar ikkje på utbygginga, dei trivest godt og synest dei har gode arbeidsforhold etter utbygginga. Det var spreining i oppfattinga av eigen økonomi blant respondentane, noko som rekneskapsundersøkinga stadfestar.



# Referansar

---

- Eklund, T. og Knutsen, K., 1988. *Regnskapsanalyse – Aktiv bruk av regnskapet*, Universitetsforlaget.
- Fylkesmannen i Nord-Trøndelag. 2010. *Lykkelig som stor?* <http://www.fylkesmannen.no/fagom.aspx?m=3045&amid=3017116> . Dato 18. mai 2010
- Haukås, T., I. Hovland og A. Olsen. 2009. *Gjelds- og driftskredittundersøkelse på bakgrunn av driftsgranskingsmaterialet for 2008*. NILF-notat 2009-18. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- Haukås, T., A. Olsen og H. Knutsen. 2011. *Økonomien i jordbruket på Vestlandet. Trendar og økonomisk utvikling 2000–2009*. NILF-notat 2010-7. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- Haukås, T., og L. R. Solberg. 2010. *Vurdering av økonomi på utbyggingsbruk i mjølkeproduksjonen i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane 2008*. NILF-notat 2010-10. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- Nergaard, M. 1988. *Utbyggingsbruk med økonomiske problemer*, NILF forskningsmelding A-006-88. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- NILF, 2010. *Driftsgranskinger i jord- og skogbruk*. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- Robbestad, S. 1994. *Økonomisk utvikling på utbyggingsbruk*, NILF-rapport C-031-94. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- Solberg, L.R., 2010. *En analyse av investeringer i landbruket - Er man lykkelig som stor når man kunne vært liten?* NILF-notat 2010-19. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- Solberg, L. R., og T. Haukås. 2011. *Vurdering av økonomi på utbyggingsbruk i mjølkeproduksjon i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane 2009*. NILF-notat 2011-12. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- Statens landbruksforvaltning, 2010. <https://www.slf.dep.no/no/produksjon-og-marked/melk/melkekvoter/statistikk?index=40> 19. desember 2011



## *Tidligere utgitt i denne serien – 2011*

---

- 2011–1 Økonomien i jordbruket i Nord-Norge. Driftsgranskingene i jord- og skogbruk 2009 – Aktuelle artikler og tabellsamling 2005–2009. Øyvind Hansen, Ole Kristian Stornes, 81 s.
- 2011–2 Beregning av det norske kjøttforbruket. Mads Svennerud, Gro Steine, 18 s.
- 2011–3 Økonomien i jordbruket på Vestlandet. Trendar og økonomisk utvikling 2000–2009. Torbjørn Haukås, Anastasia Olsen, 86 s.
- 2011–4 Økonomien i landbruket i Trøndelag. Utviklingstrekk 2000–2009. Tabellsamling 2005–2009. Kjell Staven, Otto Sjelmo, Knut Krokann, Helge Bonesmo, Svein Olav Holien, Siv Karin Paulsen Rye, Liv Grethe Berge Frislid, Inger Sofie Murvold Knutsen, 16 s.
- 2011–5 Melding om årsveksten 2010. Normalårsavlinger og registrerte avlinger. Ola Wågbo, Oddmund Hjukse, 16 s.
- 2011–6 Gårdsbasert entreprenørskap : en kvalitativ studie av muligheter, motiver og ressurser for entreprenørskap i landbruket. Asbjørn Veidal, 55 s.
- 2011–7 Økonomien i jordbruket i Agder-fylka og Rogaland 2009. Trendar og økonomisk utvikling 2000–2009. Tabellsamling 2005–2009. Lars Ragnar Solberg, Heidi Knutsen, Anastasia Olsen, 87 s.
- 2011–8 Regulering for organisering - markedsregulering i kjøttsektoren. Gro Steine, Arne Vasaasen, Anders Nordlund og Ivar Pettersen, 68 s.
- 2011–9 Økonomien i jordbruket på Østlandet. Utviklingstrekk 2005–2009. Tabellsamling 2005–2009. Terje Haug, 97 s.
- 2011–10 Konsekvenser i Rogaland av mulige endringer av gjødselvereforskrift. Heidi Knutsen, Aart van Zanten Magnussen, 57 s.
- 2011–11 Klimatiltak i landbruket – En gjennomgang av tiltak i Klimakur 2020. Ellen Henrikke Aalerud, Valborg Kvakkestad, 41 s.
- 2011–12 Vurdering av økonomi på utbyggingsbruk i mjølkeproduksjon i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane 2008. Lars Ragnar Solberg, Liv Grete Frislid, 48 s.
- 2011–13 Tid for satsing på landbruk i Afrika. Ellen Henrikke Aalerud, Anna Birgitte Milford, 29 s.
- 2011–14 «Føre var» i laksenæringen: Tid for kollektiv håndtering av underdekning av fiskeolje. Gro Steine, Ragnar Tveterås, Ivar Pettersen, 31 s.
- 2011–15 Rensekostnader ved innføring av miljøvennlige spredningsmetoder for husdyrgjødsel. Julie Nævik Hval, Knut Krokann, 30 s.
- 2011–16 Inntekt, sparing og investering i jordbruket. Agnar Hegrenes, 30 s.
- 2011–18 Verdiskaping i jordbruket i Aust- og Vest-Agder. Heidi Knutsen og Torbjørn Haukås, 37 s.

# *Tidligere utgitt i denne serien – 2012*

---

2012–1 Environmental and climate analysis for the Norwegian agriculture and food sector and assessment of actions. John Hille, Christian Solli, Karen Refsgaard, Knut Krokann, Helge Berglann, 153 s.

---

## ADRESSE HOVEDKONTOR

Postadresse:	Kontoradresse:	Telefon: 22 36 72 00
Postboks 8024 Dep	Storgata 2 4 6	Telefaks: 22 36 72 99
0030 OSLO		E-post: <a href="mailto:postmottak@nilf.no">postmottak@nilf.no</a>
		Internett: <a href="http://www.nilf.no">www.nilf.no</a>

---

## ADRESSE DISTRIKTSKONTORER

Bergen	Postadresse:	Postboks 7317, 5020 BERGEN
	Telefon:	55 57 24 97
	Telefaks:	55 57 24 96
	E-post:	<a href="mailto:postmottak@nilf-ho.no">postmottak@nilf-ho.no</a>
Trondheim	Postadresse:	Postboks 4718 – Sluppen, 7468 TRONDHEIM
	Telefon:	73 19 94 10
	Telefaks:	73 19 94 11
	E-post:	<a href="mailto:postmottak@nilf.fmst.no">postmottak@nilf.fmst.no</a>
Bodø	Postadresse:	Statens hus, Moloveien 10, 8002 BODØ
	Telefon:	75 53 15 40
	Telefaks:	75 53 15 49
	E-post:	<a href="mailto:postmottak@nilf-nn.no">postmottak@nilf-nn.no</a>

---

ISBN 978-82-7077-818-8  
ISSN 0805-9691

